

Bokn Bygdablad

Nr. 1 Februar 2013 – Årg. 28



Side 20



Endring i tenestetilbod – s. 10



Iskald terror, varmt samfunn – s. 16



Framleis lus i Bokn – s. 24



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Barnehageutbygging

Kommunestyret godkjente i møte den 5. februar utbygging av ei tredje avdeling i Bokn barnehage. Prosjektet har ei kostnadsramme på 4.900.000 kroner, og arbeidet startar opp så snart byggesøknaden er godkjent. Etter planen skal den nye avdelinga vera klar til bruk når eit nytt barnehageår startar til hausten.

stundes som dagens gangveg blir lagt om. Det blir opparbeidd eit noko større uteområde knytt til barnehageutvidinga. I romprogrammet er det garderobrar for både barn og personale, gruppe/møterom, lager, stellerom og WC/dusj, i tillegg til eit nytt, stort leikemråde ute.


Dagens barnehage er, etter ved-

har Bokn kommune løyst den akutte plassmangelen ved barnehagen dei siste åra. Etter prognosane vil ein ha dekkja behovet for barnehageareal for dei komande åra.

Fylkesutvalet på Bokn-besøk

Utkastet til ny kommuneplan har dei siste månadene vore ute på høyring. Difor blei det den 21. januar halde møte og synfaring med Fylkesutvalet og administrasjonen i Rogaland fylkeskommune. Administrasjonen i fylket hadde innstilt på fleire motsegner i forhold til forslaga ute på høyring, og difor ynskte fylkespolitikarane å ta turen til Bokn for med sjølvsyn å vurdere dei aktuelle områda. I hovudsak var det snakk om område foreslått sett av til bustad- og næringsformål i områda Føresvik, Alvestad og Austre Bokn.

Både næringsliv og politikarar i Rogaland har dei siste åra peika på behovet for fleire bustader og område sett av til næringsformål i fylket, og også for Bokn. I forslaget til ny kommuneplan har ein forsøkt å balansera omsynet til offisielle, men heller forsiktige folketalsframskrivingar med dei synergiene ein meiner at T-sambandet og Rogfast vil gje. Det har vore krevjande for lokalpolitikarane våre, men me meiner forslaget er både balansert og truverdig, spesielt i forhold til regionale styresmakter. Utfalet etter den politiske handsaminga i Fylkesutvalet den 22. januar tyder på at ein trefte godt med



Den nye barnehageavdelinga blir bygd mellom eksisterande barnehage og Bokn skule. Dagens gangveg blir lagt om i ei sløyfe frå parkeringsplassane i nord opp til skuleplassen.

Den nye fløya blir om lag 200 m², knytt til eksisterande bygg og plassert mellom skulen og barnehagen. Den nye avdelinga får eigen inngang, sam-

tektene, godkjend for 60 plassar, inklusiv utebarnehage. Etter utvidinga vil kapasiteten auke til 84 plassar. Med gjennomføringa av dette prosjektet,



Samtlege Rogalandsordførarar samla i Stavanger 9. januar.



Fylkespolitikarane på Bokn-synfaring. F.v. fylkesplansjef Christine Haver, fylkesordførar Janne Johnsen, kommuneplanleggar Hans Faye og næringsssjef Inger. K. Haavik.

argumentasjonen då dei fleste motsegnene i forhold til bustad og næring etter vedtak blei fjerna, og det set eg stor pris på.

Når det gjeld Fylkesmannen, er det ein lengre veg å gå i forhold til motsegner. Men me er positivt innstilt og har god tru på at me gjennom dialog, synfaring og eventuelt mekling skal kunne få gjennomslag for store delar av dei forslaga som ligg inne i kommuneplanen. Bokn blir om nokre år truleg vertskommune for eit av dei største samferdsleprosjekta på Vestlandet nokon gong. Det fører også med seg ulemper, slik som ein stadig auke i trafikken på

E39 som utset boknarane for støy, forureining og større fare på vegen. Difor meiner me at storsamfunnet bør bidra til at boknasamfunnet kan leggja til rette for vekst, og elles ta del i den flotte utviklinga i Rogaland.

Ordførarmøte

Stavanger Aftenblad skildra det som historisk då

alle ordførarar i Rogaland, etter initiativ frå ordføraren i Stavanger, var samla til møte i fylkeshovudstaden den 9. januar. Tidspunktet følte rett i ei tid der Rogaland har vekstprognosar som peikar rett til vørs. Veksten i 2012 var for Rogaland 7,3%, medan den for landet elles låg på 5,7%. Dette opnar for store moglegheiter i rogalandskommunane, men også utfordringar.

Som nemnd tidlegare i artikkelen, har fylket store utfordringar, spesielt knytt til bustad og næring. Dette gjeld også for vår kommune. Samstundes opplever ein at sakshandsamingstida i det offentlege bare aukar og er i ferd med å bli

ein alvorleg flaskehals for utviklinga. Den nye plan- og bygningslova som blei innført i 2009, auka til dømes sakshandsamingstida med 2,5 år.

På ordførarmøtet drøfta ein korleis utfordringane kan løysast ved å løfte saman, og korleis ein kan bli flinkare til å tenke på fylket som region og ta tilbake Rogaland som omgrep, samstundes som ein gjennom dialog med regionale styresmakter i eit raskare tempo kan opne nye utbyggingsområde. På Nord-Jæren blir det snakka om eit behov for 3000 nye husvære i året, samstundes som ein må dekke inn eit stort etter-slep. Kan det tenkast at Bokn i enkelte tilfelle kan vera løysinga på Nord-Jæren sine utfordringar?

Eg ser positivt på initiativet frå Stavanger om å skapa ein møteplass for den politiske leiinga i rogalandskommunane, samstundes som eg også er klar over at dei, når det kjem til stykket, ofte er konkurrentar. Gamle motsettingar kan raskt kome til overflata når ein skal ta avgjerder. Men i forhold til regional politisk planlegging, vil nok mange meine at det er logisk og fornuftig at ordførarane med jamne mellomrom set seg ned rundt det same bordet. Det kan kome både Rogaland og Bokn til gode.

Ordføraren

Populære postkassebøker

Jardar Havikbotn

4.597 stk. skreiv seg opp i postkassebøkene på Boknafjellet, Vardafjellet og Boknahåve i 2012. Besøket på Vardafjellet har meir enn fordobla seg dei to siste åra. Dei andre stadene hadde ein nedgang sidan 2011.

Større arrangement fører sjølvsagt til auke i antal namn i bøkene. Boknafjellet hadde "Himmelsk Jazz" i 2011, og det blei arrangert "Ingen Grenser" på Vardafjellet i fjor. Kanskje det bør vera eit arrangement på Boknahåve i år?

Bokn kommune oppfordrar fastbuande og besøkande turgåarar, joggarar, syklistar, m.m. til friluftsliv. Dei som skriv opp namna sine i bøkene på dei ulike stadene, er med i trekninga om gåvekort på kr. 500,- hos sport og villmarkskjeden XXL. Premien kjem i posten.

Boknafjellet

For tredje året på rad var det over 3.000 besøk på Boknafjellet. Det var 3.131 namn i boka, mot 3.931 i rekordåret 2011. Den som blei trekt ut var nr. 4697, **Simmen Karoliussen, Bokn.**



18.11.12: Eit halvt hundre sprekingar, små og store, nådde fram til varden på Vardafjellet.

Foto: Kyrre Lindanger

Vardafjellet

Ny rekord her, med 1329 namn i boka, mot 925 året før. Vinnar blei nr. 194, **Atle Akسدal, Bokn.**

Boknahåve

Her var det 137 namn i boka, mot 199 i 2011. Nr. 605, **Jan Magne Østebø, Sola** blei trekt ut som vinnar.

Me gratulerer! Premiane kjem i posten.

Takk til Gry K. Øvrebø og Wenche L. Havikbotn for sporty innhenting av nødvendig informasjon på dei ulike stadene.

Informasjon frå Bokn Maritime Senter:

Uno-X Nøkkeltanlegg ved Bokn Maritime Senter!

Det maritime tjenestetilbudet ved Bokn Maritime Senter er ytterligere utvidet ved installasjon av Uno-X' nye fyllestasjon for diesel. Vi er glade for å komme inn i en såpass tidlig fase av det som ser ut til å kunne utvikle seg til et stort og spennende prosjekt, uttaler Regionssjef hos Uno-X Energi AS, Jan Erik Refsdal.

Fyllestasjonen på Knarholmen ved Bokn Maritime Senter blir vår første nøkkeltanlegg i til sjø i dette området og som derfor retter seg direkte mot maritime kunder. Fra tidligere har vi et DS i Aksdal på Eikeskog og Uno-X' automat på Raglamyr og Avaldsnes. Refsdal understreker videre at kundene ved det nye anlegget strengt tatt ikke trenger å komme sjøveien. Bønder og andre som kan dra nytte av farget diesel er hjertelig velkommen til Bokn Maritime Senter for å fylle tankene.

Anlegget består av en 25 kubikkmeter stor ståltank med lang slange som pumper i 2 hastigheter, henholdsvis for små og store tanker/båter. Betaling utføres ved å benytte et eget Uno-X DieselService kort (DS).

Det avanserte Uno-X DieselService kortet gjelder både på Uno-X sine spesielle DieselService-anlegg og alle 1500 Uno-X og YX-stasjoner i Norden for øvrig, dog med variende betingelser. Kortet er gratis i anskaffelse og bruk. Gjennomsnittlig kredittid for kjøp av drivstoff, varer og tjenester er 15

dager, en betydelig rentefri besparelse.

Anlegget er allerede på plass og klart til bruk, men vi skal gjøre enkelte kosmetiske inngrep for å pynte opp og gjøre stasjonen mer presentabel. Den offisielle åpningen av stasjonen planlegges en gang til våren, men vi håper en del kunder har gjort seg kjent med anlegget før den tid, sier Refsdal.

Helge Haga, daglig leder ved Nordvegen Marine Services AS, den største aktøren ved Bokn Maritime Senter, er henrykt over å få Uno-X på stedet. Mange båter kommer hit for service, reparasjon og vedlikehold allerede og kan nå tanke både diesel og vann mens de er innom. I tillegg blir Bokn Maritime Senter nå et naturlig stoppested for å tanke diesel på vei ut på arbeid eller fritidstur: Det gir oss mange muligheter til å bli kjent med potensielle kunder før de trenger våre tjenester!




Helge Haga

Dette er en vinn-vinn situasjon for hele området som vi tror kommer til å styrke seg ytterligere når vi får opp BestMarin butikken, sier Haga, som tenker Bokn Maritime Senter vil fremstå som et komplett senter for fritidsbåtene og den profesjonelle flåten, opp til 70 fot, allerede den kommende sesongen.



Uno-X DieselService



BestMarin

Nyttårshelsing frå ordføraren

Bokn kyrkje 31.12.12

Kjære kyrkjelyd

Det er berre få timar til me kan skriva 2013 og gå inn i eit nytt år etter å ha lagt bak oss ein ti-dagars «time-out» der me har senka skuldra saman med familie og venner i julepynta hus. Batteria er lada opp, og vintersolvervet den 21. desember har gjort oss mentalt rusta til å møte dei to vintermånadane som står att. Eg kunne svært godt tenkt meg å vore saman med dykk i kyrkja nå på oppløpsida av 2012, men familiepliktene kallar og i år feirar me nyttår saman med familie i Kongsberg. Difor sender eg i år ei helsing til kyrkjelyden

2012 har på mange måtar vore eit aktivt og innhaldsrikt år i Bokn, sjølv om eg tykkjer dei fleste åra er slik. Men det som skil seg ut, og som dei neste åra vil påverka samfunnsutviklinga i Bokn, er to store samferdsleprosjekt som byrjar å ta form på nord- og sørsida av kommunegrensene våre. Den 28. mai neste år opnar T-sambandet – vegsystemet som bokstaveleg tala vil samla Haugalandet og bidrar til at me får ein samla bu- og arbeidsmarknad på nordsida av Boknafjorden. Boknarane kan etter ein pause på om lag 23 år igjen ta i bruk Kopervik, både når det gjeld handel og arbeid, samstundes som karmøybuen lettare kan pendla til vår del av regionen. Når det blir lettare å kryssa kommunegrensene på hjul, vil det også gje folk i dei ytre hauga-

landskommunane større valfridom.

Rogaland fastlandssamband – Rogfast – har me i Bokn snakka om heilt sidan Rennfast opna i 1992. Lite skjedde fram til juni 2011. Frå dette tidspunktet og fram til i dag har ting gått veldig fort og nå er reguleringsplanane ferdige. Dette er både gledeleg og viktig då me fram mot sommaren 2013 må kjempa og argumentera mot politikarar frå andre delar av landet som sterkt ynskjer å få sine samferdsleprosjekt med i Nasjonal Transportplan. Eg trur Rogaland har posisjonert seg godt for å trekka det lengste strået i dette spelet, spesielt når planane er klare og vestlandet har samla seg om å prioritera ferjefri Kyststamveg frå Kristiansand til Trondheim. 2013 blir året då tommeblen blir vendt opp eller ned frå sentrale mynde i forhold til det viktigaste samferdsleprosjektet i Rogaland gjennom tidene.

2012 har elles vore eit år der dei frivillige i Bokn verkeleg har fått eksponert seg. Gjennom svært mange arrangement, spesielt i haust, har lag- og organisasjonslivet i Bokn vist fram breidda og mangfaldet i aktivitetane deira og samstundes skapa fellesskap og samhold i bygda. Det har blitt formidla kunnskap og læring, noko som er med og styrkar dei frivillige si rolle som viktige demokratiske aktørar. I små byg-

desamfunn som Bokn representerar dei alle eit vesentleg bidrag til boknarane sin livskvalitet.

Eg set stor pris på denne aktiviteten som er ein føresetnad for eit levande, rikt og mangfaldig lokalsamfunn. Det er viktig for omdømmet til bygda og vil vera ein viktig faktor ikkje bare for å auka tilflyttinga til kommunen, men også ein sær positiv faktor for å styrka den generelle trivselen og med det folkehelsa. Eg håpar, og trur, at også 2013 blir eit godt og aktivt år for lag- og organisasjonslivet i Bokn.

Mykje av det me har jobba med og lagt grunnlaget for i 2012, blir vidareført i 2013; Satsing på barn- og unge, folkehelsa, legga til rette for bustadbygging, utbygging av barnehagen, prosjektering av fleirbrukshall og ferdigstilling av kommuneplanen. Med fokus på desse områda og vilja til å gjennomføra, i godt samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar og boknarar flest, meiner eg at me har laga eit godt utgangspunkt for det gode liv i boknasamfunnet også komande år.

Eg vil takka for året som har gått, og ynskjer dykk alle eit innhaldsrikt, fredeleg og positivt nytt år.

Kyrre Lindanger
Ordførar

Dårleg sikt årsak til helikopterulykke

Jardar Havikbotn

Nesten sju år etter ulykka på Austre Bokn (30.03.06), der fire personar blei skada då eit helikopter datt ned, er Havarikommissjonens konklusjon klar. Dårleg sikt førte til at fartøysjefen mista kontrollen.

Helikopteret hadde heist opp ein los frå skipet «Clipper Sky» som lå i Hervikfjorden og var på veg til skipet Berge Danuta som lå sydvest for Skudenes-havn.

Havarikommissjonens konklusjon:
«Ulykken skjedde i forbindelse med losflyging under til dels krevende forhold om natten. Flygingen foregikk som en VFR-flyging, men delvis ved hjelp av instrumenter. I lav høyde over sjøen mistet besetningen oversikt over hvor helikopteret befant seg. Et varsellys fra radiohøydemåleren fikk fartøysjefen instinktivt til å stige brått. Samtidig hadde de mest sannsynlig fløyet inn i en sky slik at de visuelle referansene manglet. I denne situasjo-

Her held politiet vakt ved vraket. Foto: Kyrre Lindanger



nen mistet fartøysjefen kontroll over helikopteret. Styrmannen, som var i ferd med å kommunisere med et skip, ble plutselig kastet inn i noe som han oppfattet som en akutt nødsituasjonen og iverksatte en autorotasjon ved å sette motorene til tomgang. Helikopte-

ret ble deretter autorotert ned til det traff øya Austre Bokn og veltet over på siden. Skadene til de to i kabinen kunne vært betydelig redusert hvis de hadde benyttet setebelter.»

Kjelde: Haugesunds Avis

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2013

1. Kommunale avgifter og eigenandelar for 2013			
Kommunale avgifter	2012	2013	
(sats pr. år der ikkje anna er oppgitt)	(inkl mva)	endring	(inkl mva)
Slamavgift	900	5 %	945
½ slamavgift	452	5 %	474
¼ slamavgift	235	5 %	247
½ slamavgift 8m ³ tank	638	5 %	670
Slamavgift 12m ³ tank	1 277	5 %	1 341
Slamavgift 6m ³ tank	827	5 %	868
Slamtømming utanom ordinære tømmerutiner			etter faktura
Feiing og brannsyn			
Feiing kvart år	680	5 %	714
Feiing pr. pipe (kvart 2.år)	433	5 %	455
Feiing pr. pipe (kvart 3.år)	360	5 %	378
Feiing pr. pipe (kvart 4.år)	326	5 %	342
Tilsyn med gassformig brensel	218	5 %	229
Feiing hytter pr feiing.	650	5 %	683
Renovasjon			
Renovasjonsavgift standard	3 097		3 097
Lite renovasjosabonnement	2 646		2 646
Stort renovasjonsabonnement	6 108		6 108
Abonnement.m/stor restavfallsdunk	5 511		5 511
Abonnement m/stor papirdunk	3 403		3 403
Hytte renovasjon	1 921		1 921
Ekstra henteavstand inntil 30m	1 534		1 534
Kloakk			
Kloakkavgift inntil 250	3 392	5 %	3 561
Kloakkavgift Hytte o.a. eigedomar	1 691	5 %	1 775
Tilknytningsavgift kloakk	25 000		25 000
Tilknytning avløp utanom hovudbruk	6 250		6 250
Vatn			
Tilknytningsavgift vann	25 000		25 000
Tilknytning vatn utanom hovudbruk	6 250		6 250
vannavgift bolig	5 199	5 %	5 459
Vannavgift gardsbruk	8 319	5 %	8 735
Vannavgift hytte oa. eigedomar	2 594	5 %	2 723
innstallasjon av vannmålar	946	5 %	994
Fast abn.gebyr vatn (vannmålar)	1 835	5 %	1 927
Forbruksgebyr vatn pr.kbm	14	5 %	14,47
Leige av vannmålar tom 25mm	473	5 %	496
Leige av vannmålar 25-50mm	946	5 %	994
Leige av vannmålar 51-150mm	1 702	5 %	1 787
Leige av vannmålar større enn 150mm	7 568	5 %	7 946

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2013 - framhald

Bygdablad			(inkl. mva)
Abonnement papir el.PDF	385	5 %	404
Abonnement papir +.PDF	550	5 %	578
Annonse: 1/8 side	138	182 %	250
Annonse: halvside	413	242 %	1 000
Annonse: heilside	688	291 %	2 000
Annonse: kvartside	206	242 %	500
Fastann.etter avtale	0		
Privatannonse	69	145 %	100
Nettannonse	63	160 %	100
Barnehage			
11 betalingsterminar endringstidspkt fra 1.aug.2013	pr. 01.01.12	endring	pr. 01.08.13
Heildag - 5 dg/veke	2 330	0,00 %	2 330
Heildag - 3 dg/veke	1 398	0,00 %	1 398
Heildag - 2 dg/veke	932	0,00 %	932
Kost 5dg/veke	225	0,00 %	225
Kost 3 dg/veke	155	0,00 %	155
Kost 2 dg/veke	120	0,00 %	120
Dagplass	200	0,00 %	200
kost dagplass	10	0,00 %	10
Diverse sal		endring	
Bygdabok pr. bind.	450		450
CD v/Spurkeland	150		150
Boknaspenna nål / smykke	1 100,-/1.400,-		1 100,-/1.400,-
Krus	75		75
Haug og heidi / Boknakyrkja (hefter)	50		50
Kopiar svart/kvit ant.1-100	0,50		0,50
Kopiar svart/kvit ant.101-xxxx	0,30		0,30
Kopiar farge ant. 1-100	2,00		2,00
Kopiar farge ant. 101-xxxx	1,50		1,50
Plastlaminering	10,00		10,00
Musikkskulen		endring	ingen mva
Einetime (20 min)	666	5,00 %	699
Einetime (30 min.)	998	5,00 %	1 048
Delt time (20 min)	333	5,00 %	350
Delt time (30 min.)	499	5,00 %	524
Instrumentalgrupper	686	5,00 %	720
Leige instrument	322	5,00 %	338
sang, dans,drama	530	5,00 %	557
Rådmannen får fullmakt til å fastsette brukarbetaling for kortare kurs og tilbod			
Søskenmoderasjon 30% på rimelegaste aktivitet.			
Søskenmoderasjon barnehage 50% (på rimelegaste tilbod)			
Søskenmoderasjon SFO 30% (på rimelegaste tilbod / også i kombinasjon med barnehage)			

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2013 - framhald

SFO - takstendring fom 1.08.2013			
10 betalingsterminar (bet.fri. juni og juli)	2011/2012	endring	2012/2013
Heil plass skuledagar	2 136	5,00 %	2 243
Heil plass skuledagar + skulefridagar	3 152	5,00 %	3 310
Skulefridagar	1 016	5,00 %	1 067
5 dg/u. Før skulestart	712	5,00 %	748
5 dg/u Frå skuleslutt til 1410	328	5,00 %	344
5 dg/u Frå 1410 til 1630	1 096	5,00 %	1 151
3 dg/u. Før skulestart	414	5,00 %	435
3 dg/u Frå skuleslutt til 1630	639	5,00 %	670
2 dg/u. Før skulestart	295	5,00 %	310
2 dg/u Frå skuleslutt til 1630	458	5,00 %	480
Frukost alle dagar	201	5,00 %	211
Frukt alle dagar	0		
Pleie og omsorg			
	2012		2013
Opphald og hjelp i heimen fylgjer dei maksimalsatsane som Stortinget vedtar. *)		Maksimalt vederlag pr. mnd	
Kostnad pr. liggedøgn iflg.rekneskap 2011	2 442		
(forutsetning for vederlagsberekninga)			
Dag/natt opphald *)	66		72
Døgn opphald *)	125		137
Heimehjelp timar inntil 2 G	40	175	44
Heimehjelp timar 2G-3G	46	750	51
Heimehjelp timar over 3G	66	800	73
Middag	55		60
Middag dagsenteret	55		60
Husleigeinntekter			
Husleiga på kommunale bustader vert indeksregulert 1.10. med konsumprisindeksen			
Husleiga på omsorgsbustader er vedtatt uforandra inntil vidare.			
Oppmåling og tinglysningsgebyr vert fakturert etter faktisk kostnad + kommunalt adm.gebyr på kr 95			
Tiltak som krev søknad om løyve etter pbl § 20-1			
	2012	auke	2013
Fritidsbustader i regulert område	6 350	15 %	7 303
Fritidsbustader i uregulert område	8 467	15 %	9 737
Driftsbygningar/ landbruksbygg over 1000 m2 BRA	8 891	15 %	10 225
Mellombels bygg og anlegg som skal stå meir enn 2 år	3 175	15 %	3 651
Bryggje, molo m.m.	3 175	15 %	3 651
Brønn, basseng dam	3 175	15 %	3 651
Garasje, naust, uthus, redskapshus og liknande	3 175	15 %	3 651
Nybygg med bruksformål industri, forretning, kontor, lager, off.bygg m.m	8 891	15 %	10 225

Kommunale avgifter og eigenandelar for 2013 - framhald

Fasadeendring o.l., tilbygg BRA over 50 m2	4 234	15 %	4 869
Bruksendring	2 117	15 %	2 435
Riving	2 117	15 %	2 435
Byggeteknisk installasjon, pipe, heis og liknande	2 117	15 %	2 435
Oppdeling/ samanføring av bustadeiningar	2 117	15 %	2 435
Innhegning mot veg, skilt eller reklame	2 117	15 %	2 435
Frådeling av eigedom	2 117	15 %	2 435
Vesentleg terrenginngrep	2 117	15 %	2 435
Veg og parkeringsplassar	2 117	15 %	2 435
Tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-2 og som tiltakshavar skal stå føre			
Mindre tiltak på bygd eigedom	1 270	15 %	1 461
Alminneleg driftsbygning i landbruket opp til 1000 m2 BRA	2 117	15 %	2 435
Mellombels bygg og anlegg som skal stå mindre enn 2 år	1 270	15 %	1 461
Fasadeendring og liknande, tilbygg opp til 50m2 BRA	1 270	15 %	1 461
Garasje, naust, uthus, reiskapshus og liknande opp til 70 m2	1 270	15 %	1 461
Andre gebyr			
Dispensasjon etter pbl § 19-1	4 234	15 %	4 869
Løyve til å setja i gang	2 117	15 %	2 435
Minstegebyr, andre slag arbeid	2 117	15 %	2 435
Utsleppsløyve for nye og rehab. av private avlaupsanlegg	3 175	15 %	3 651
Godkjenning av ansvarsrett utan sentral godkjenning	1 693	15 %	1 947
Godkjenning av ansvarsrett med sentral godkjenning		15 %	
Tilleggsgebyr for ulovlege tiltak som kommunen blir merksam på og som ein må forfølga. Gebyret kjem i tillegg til andre byggesaksgebyr	8 400	15 %	9 660
Plansaker etter pbl kap. 12			
Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa	33 600	15 %	38 640
Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa	56 000	15 %	64 400
Detaljplan i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa	78 400	15 %	90 160
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde under 20 daa	56 000	15 %	64 400
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde 20 - 50 daa	78 400	15 %	90 160
Detaljplan ikkje i samsvar med overordna plan i byggeområde over 50 daa	100 800	15 %	115 920
Mindre reguleringsendring	11 200	15 %	12 880

Endring i tjenestetilbud - fokus på Privatøkonomisk rådgivning

Med bakgrunn i at behov og bruk er sterkt fallende vil SpareBank1 SR-Bank legge ned tilbudet om kontantkasse og i større grad prioritere finansiell rådgivning til kommunens innbyggere.

Etterspørsel etter bredderådgivning fra våre kunder er økende. Finansiering, forsikring, sparing og pensjon er temaer som opptar kunder i større grad enn kontanthåndtering. Vi i SpareBank1 SR-Bank ønsker å tilby befolkningen på Bokn det samme, og gjennom f.eks pensjonsseminar og utvidet tid til rådgivning vil vi kunne gi kundene en vesentlig merverdi. Dette er også tilbakemeldingene vi får fra våre kunder.

SpareBank1 SR-Bank er RÅDGIVNINGSBANKEN. Dette ønsker vi også å utvikle på Bokn.

Ved å redusere kassefunksjonen, vil vi samtidig styrke vår kraft rettet mot rådgivning. May Jorunn Vatnaland vil få tilsvarende mer tid til å kontakte og pleie kunder - både egne og forhåpentligvis nye.

Kunder som i dag benytter kassetjenesten vil få god hjelp og veiledning til å benytte våre selvbetjeningsmuligheter gjennom rådgivning og evt kurs ved behov.

Vedtaket er gjort i samråd med SpareBank1 SR-Bank sitt bankråd på Bokn

og Bokn kommune, og skal etter planen tre i kraft fra 01.03.2013.

Det er viktig for oss å presisere at vi ikke legger ned - vi endrer i tjenestetilbudet for å imøtekomme kundenes behov.

Med vennlig hilsen
SpareBank1 SR-Bank

Svein Dalva
Banksjef Tysvær/Bokn



Forandring fryder, eller?

Jardar Havikbotn

Banksjef for Tysvær og Bokn, Svein Dalva, seier til Bokn Bygdeblad at utgangspunktet for heile omlegginga er at kundane spør meir etter rådgjeving framfor kontanthandtering. Dette skal koma fram i undersøkingar blant bankkundane, som er gjort over tid. Minibank er dyrt og ikkje aktuelt i Bokn.

Kontantkasse forsvinn altså frå Bokn, til fordel for rådgjeving. Mange lag og organisasjonar i Bokn har kontoane sine der. Kva gjer desse når neste arrangement skal avviklast? Kor skal dei få vekslpengar frå og kor skal dei setta inn inntektene etterpå? Kva skal private gjera når dei vil skaffa seg fleire kontantar enn det dei kan ta ut i kassa hjå Coop Marked Bokn, eller få kontoen til å veksa? Kva med ungar med sparebøsser?

Innskotsautomatar

Dalva viser til Sparebank 1 SR-Bank sine døgnopne innskotsautomatar i Aksdal og på Oasen. Ein treng eit bankkort for å logga inn på automaten og ein kan då velja kva kontoen ein vil setta inn på. Du kan setta inn både sedlar og myntar.

- Ettersom enkelte kundar kjem med relativt store beløp som skal settast inn, er automatane sikra med dører slik at neste kunde ikkje kan komma inn før den som er inne i automatsonen går ut. Dette er viktig m.a. for lag og foreningar som ofte har arrangement på kveldstid. Dei kan då få sett inn pengane på konto rett etterpå i staden for å ta pengane med heim, fortel banksjefen, og legg til at det også er muleg å tømme sparebøssene i desse innskotsautomatane.

Maskina er enkel å bruka og det kjem fortløpande forklaring på kva ein skal gjera.

- Me stiller gjerne opp og hjelper folk i gong. Det er berre å ta kontakt med dei kontora som har innskotsautomatar og få hjelp, forklarer Dalva.

I dag har dei besøk i Aksdal, både frå Nedstrand og andre bygder - som nyttar seg av bankens automattjenester ved behov. I følge Dalva er tilbakemeldingane positive, særleg

når kunden først har prøvd.

Banksjefen meiner at med døgnopne innskotsautomatar er opningstida i realiteten blitt betydeleg forbetra.

Nøye vurdert

Svein Dalva fortel at valet om å modernisera bankkontoret på Bokn ved å gjera det om til eit reint rådgjevingsskontor har vore nøye vurdert.

- For nokre av kundane våre vil bortfall av kontantkasse vera ei ulempe, noko me har stor respekt for. Derfor har det vore ei grundig vurdering av fordelar og ulemper for kundane internt i bankens ulike instansar. Problemstillinga har også vore drøfta i bankrådet og med Bokn kommune ihht samarbeidsavtalen. Både Bankrådet og Bokn kommune er samde i dette, avsluttar banksjef Svein Dalva.

Effektiv modernisering?

At trenden over fleire år har vore mindre og mindre kontantbruk er udiskutabel, og trenden vil nok halda fram i åra som kjem, men det er vanskeleg å sjå for seg alle kasserarane til lag og organisasjonar i Bokn som i all slags vør gjennom året køyrer eins ærend til Aksdal for å setta inn pengar, ein køyretur på seks mil - kanskje seint om kvelden, etter at ryddinga etter arrangementet og oppstillinga er unnagjort. Nei, då er det nok betre å venta til ein gong det passar med noko anna. Eller? Då vil jo pengane bli liggande heime endå lengre. Kven køyrer forresten til Aksdal etter at T-sambandet kjem til våren? Nei, då blir det meir aktuelt med Oasen, men kven køyrer rundt åtte mil for å få sett inn sparepengane sine?

Coop Marked Bokn

Planane til Sparebank 1 SR-Bank er gjort kjende for Coop Marked Bokn. Nedlegginga av Sparebank 1 SR-Bank sitt kontantkasetilbud kan få følger for kontantbehovet til butikken i Føresvik. Butikksjef Tor Harald Alvestad seier i ein kommentar at dei vil løysa eventuelle problem viss det skulle visa seg å bli problem med kontantbeholdninga deira.

Kanskje løysinga til dei som ikkje får sett inn kontantene sine blir å oppretta konto i gamle Postbanken? Postbanken heiter nå DNB

(DnB NOR, Postbanken og Vital har til saman blitt DNB) Som kjent yt Coop Marked Bokn tenester for Posten og har "Post i butikk".

Men kva skjer når Rogfast kjem og Bokn blir liggane i "smørauget" for omfattande infrastrukturbygging i Rogaland? informasjonssjef i Sparebanken Vest, Lars Ove Breivik, fortel til Bokn Bygdeblad at dei følger utviklinga i Bokn nøye, og at dei vurderer kontinuerlig både eigen kontorstruktur, løysingar med bank i butikk og frittstående minibankar.

- Pr. i dag kjenner eg ikkje til direkte planar om å etablere kontor eller kontanttilbod på Bokn, men dette kan endra seg, avsluttar informasjonssjef i Sparebanken Vest, Lars Ove Breivik.

Boknarar har mykje pengar i banken

6. februar skreiv Stavanger Aftenblad at me sparar nesten dobbelt så mykje som for ti år sidan. For Bokn betyr det kr. 271.500 pr. innbyggjar (kr. 159.800 i 2002) - ein auke på 69,9%. Det er mest i Rogaland, som igjen ligg på fjerdeplass på landsbasis.

Det vil visa seg om nedlegginga av kontantkasse til Sparebank 1 SR-Bank vil ha innverknad på boknarane sine sparerutiner.



Eit apropos...

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Kva er ein "stør"?

"Det e någe så fyge i loftå når du spør!" Slik var det vanleg å svara spurvise før om åra. Men sjølv sagt var det også ein fisk, sjølv om det ikkje i fyrste rekkje var dette me tenkte på i denne omgangen.

Medan den førre gongen var enkel, var den siste dess vanskelegare. Jamvel dagstovejentene oppnådde ikkje meir enn åtte poeng medan Andor som til vanleg ligg på ti poeng og vel så det, denne gongen laut slå seg til tåls med seks. Så høgt vanskenivå som det var denne gongen, var det ein framifrå innsats å få fem poeng. I tillegg til "stør", sleit dei fleste også med uttrykk som "rennebue" og "sjefta".

Forklaringane:

- | | |
|--------------------------------------|---|
| 1. ei rå | ein tjukk stolpe på tvers til segl eller garn |
| 2. å drypta | å reinska korn, skilja korn og agner |
| 3. å sjefta (ikkje å setja skaft på) | å snu bomullsgarn/nøter som ligg til tørk |
| 4. eit rø ("å ta av røet") | å skrella t.d. poteter |
| 5. å taura | å pressa viljen gjennom, vera sta, plaga |
| 6. ein stør | seiemåte: "noko som fly i lufta når du spør" |
| 7. biråden | pill roten |
| 8. balstyren | utstyrleg |
| 9. ein rennebue | ei pilebørse, armbørst |
| 10. ei selta | eit flatt balltre |

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. å vera orre
2. å olla
3. tråskål
4. sauablom
5. ein odne i Ogn
6. "å brenna hol i dagen"
7. "gjømånen lyser grauten"
8. å busta seg
9. eit slå
10. ein garaspringar

Forslag til forklaringar kan leverast Bogn Bygdablad **innan 25. februar**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Resultatlista denne gongen:

Dagsenterdamene	8 poeng
Andor Borgenvik	6 poeng
Audhild Svensen Alvestad	5 poeng

Helge Laupland og Sigvart Våga var denne gongen leverandørar av gamle ord og uttrykk, me takkar for bidraga.

Elles vil me også denne gongen oppfordra folk til å skriva ned gamle ord og uttrykk dei kjem over. Slik kan me bidra til at det gamle boknamålet får ei framtid.

UKM 2013

UKM 2013 - lokal mønstring

Jardar Havikbotn

UKM 2013

To boknarar stod på scenen då årets lokale mønstring for Tysvær og Bogn gjekk av stabelen i Tysværtunet kulturhus 1. februar.

Sylvia Vatnaland (14) og Ida Havikbotn (13) framførte kvar sin coverlåt. Sylvia song "What Are Words" og Ida "The Story". Sistnemnde akkompagnerte seg sjølv på gitar medan Sylvia song til playback. Storsalen i kulturhuset, som tar 344 personar, var så godt som full.

Sylvia var med på dette for første gong, og fortel til Bogn Bygdablad at det var ganske spennande å oppleve å stå på ein stor scene foran hundrevis av folk som ho kjende og ikkje kjende. - Eg var ganske nervøs, men det var det kjekt å få øva seg på å framføra noko på scenen, seier ei som stort sett var fornøgd med eigen innsats.

Og det har ho grunn til, for ho hadde ei fin gjennomføring. Å opptre heilt åleine på ein svær scene med mange tilhørarar, er ein stor prestasjon i seg sjølv.

Ho peikar sjølv på ting ho kunne gjort annleis, og saman med dei konstruktive dommarvurderingane, som deltakarane får i posten nokre dagar etter førestillinga, vil ho ha ei liste over ting ho må jobba meir med for å bli betre.

Ei slik liste har også Ida fått, og denne tilbakemeldinga frå juryen er veldig fin å få for deltakarane. Dommarvurderingane er baserte på originalitet, kreativitet, publikumskontakt, formidling, teknikk og sceneframføring.

Ida var med i UKM for andre gong, og visste kva ho gjekk til, då både den lokale og fylkesmønstringa var der i fjor. I år var pianoet bytta ut med gitar, og ho var litt nervøs for den instrumentale biten, men greidde å leggja han igjen i garderoben.

Ho er kjempefornøgd med framføringa, og gler seg til fylkesmønstringa. - Det skal bli kjekt å møta andre talenter.

Det var også gledeleg at ein del boknarar hadde tatt turen til Tysværtunet denne kvelden!



Sylvia Vatnaland song "What Are Words".



Ida Havikbotn framførte "The Story".

Se til Bokn!

Det er med stor interesse vi leser Egil Severeides kronikk om å lytte til havnesjefen, i en bønn om å få prioritert sjønære arealer til næringsformål. Vi har stor forståelse for tankegangen og er naturligvis imponert over miljøet som har vokst frem på Killingøy.

Det er ikke naturlig å utvikle tungindustri i sentrum av en by. Enda mindre; en by med vekstambisjoner og behov for sentrumsnære arealer til boligutvikling! Konflikter med naboer og trafikale utfordringer, både til lands og til vanns, vil være en konstant utfordring. Den type industri som utvikler seg på Killingøy har ikke bare behov for kaiarealer, de har også behov for store næringsarealer, god logistikk og muligheter for vekst i et lengre perspektiv.

Skal vi virkelig bygge sjønære industriarealer med internasjonalt vekstpotensiale bør vi løfte blikket utover i regionen og se på havnearealene rundt oss. Nord Karmøy har arealer, men vil komme i tilsvarende konflikter med boliginteresser. Gismervik kan være godt egnet for landbasert industri, men begrenset adkomst for større skipsanløp gjør det mindre egnet for tyngre industri.

På Bokn finnes ubegrensede arealer og ubegrensede muligheter for kai. Det er

ingen boliger på de 5 kilometerne mellom Knarholmen og Arsvågen. For hvert mål en kan fylle i sjø til næringsarealer på Killingøy, Bakarøy eller Risøy, vil en kun få svært begrenset mengde ekstra kaiarealer og til svært høye kostnader. Det er ikke unaturlig å anslå at for hvert mål en kan utvikle i Haugesund, ved utfylling i sjø, vil en få 100 ganger mer bakareal for samme kost på Bokn. I tillegg er naturligvis potensialet for landareal pr løpemeter kai også 100 ganger større på Bokn enn i Haugesund!

Den landtrafikkale nærheten til store boligarealer i Haugesund og Karmøy er meget god, tatt i betraktning T-forbindelsen som åpner våren 2013 og E39 som er dimensjonert for vesentlig høyere trafikk enn dagens belastning. Bokn ligger på hjørnet av Nordsjøen og har utsøkt tilgjengelighet for alle typer fartøyer, gitt at fasilitetene som bygges på land dimensjoneres riktig. På



Bildet viser Bokn Maritime Senter ved Knarholmen og noe av de ca 1500 mål tomt øst for E39 mellom Alvestadkroken og Lamholmen.

Vestre Bokn vil det også foreligge en naturlig og nødvendig avstand og skjerming til anlegget på Kårstø.

Nærheten til tunge miljøer i sørfylket er meget god og med sikte mot Rogfast vil et slikt miljø på Bokn bli en svært sentral beliggenhet for hele Rogaland. Skal vi bygge vårt fremtidens "Tananger", er det vanskelig å se for seg bedre potensiale enn vi finner på Bokn.

Med vennlig hilsen
Lars Sigvart Hop - 41 305 007
Bokn Maritime Senter

- Har oss gjort kva gjerast skulle...?

Eg viser til eit godt og informativt innlegg av Arne Øvrebø i Bokn Bygdablad desember 2012.

Eg har stor respekt for det han og andre boknapolitikarar gjorde for å førebu Bokn på å bli landfast i 1990. Det er ikkje tvil om at dei tok viktige grep som både var forventa, naudsynte og framtidsette både med tilrettelegging av bustads- og næringsområde.

Forventningane var store då me blei landfaste både med omsyn til nærings- og busetnadsutvikling. Men gjekk det slik me hadde trudd og håpa? Statistikk blei presentert av Haugesunds Avis i ein artikkel den 6. desember 2012: Bokn fekk ikkje mange fleire innbyggjarar eller nye næringsetableringar etter 1990 – kun 13 % auke i innbyggartalet fram til 2012!

Som Arne peika på: Me gjorde mykje

fram til me blei landfaste. Spørsmålet er om me gjorde dei rette grepa etter bruopninga? Eg var sjølv ein av dei som trudde at veksten nærmast skulle kome av seg sjølv, at folk utan bindingar til bygda nå skulle finne det naturleg å flytte hit. Nokre marknadsføringsframstøytar blei nok gjennomførte. Men i ettertid kan det sjå ut som dei meir fungerte som indremedisin for oss boknarar enn å lokka fleire til bygda.

Brosjyrar og anna marknadsføringsmateriell blei laga med små midlar og etter dei malane og normene som var vanlege på den tida, men ser ikkje ut til å ha fungert etter hensikta. Årsakene til at ikkje folk flytta til, at ikkje ny næring etablerte seg kan vera mange. Likevel er me nøyde til å reisa spørsmålet om me alle var gode nok ambassadørar for bygda vår? Var kommunens eigne sakshandsamarar nok på "hogget" då framtida banka på

døra? Det er lett å vera etterpåklok, men for å gjera rett i framtida, må me læra av dei grepa som blei tekne – eller ikkje tekne – i fortid.

For ein liten kommune med små ressursar er det krevjande å hevda seg mot store naboar i konkurransen om folk og næringar. For å læra må me likevel våga å drøfta kva statistikkane viser. I mai opnar T-sambandet og i 2022 kan me bli "landfast" med Nord-Jæren. Då opnar det seg nye dører for boknasamfunnet. Ein god og presis analyse av bruopningseffektene frå 1990, er ein viktig føresetnad for å kunne ta ut synergiane av framtidige samferdsleprosjekt. Bokn har hatt mange dyktige og strategiske folkevalde opp gjennom tida. Arne Øvrebø var ein av dei. Han hadde eit sterkt politisk bitt, og har framleis ein flott tanngard.

Kyrre Lindanger

BOKN FISKEMOTTAK A/S KONKURS


NYE BOKN FISKEMOTTAK A/S OVERTEK

I kommunestyret den 19. januar kom det ei sak direkte på bordet angående at Bokn Fiskemottak A/S den 18. januar vart innlevert til skifteretten.

Spørsmålet var om Bokn kommune skulle gå inn med kr. 50.000,- i aksjekapital i eit nytt driftsselskap som skal leiga anlegget frå buet. Etter ein del diskusjon vart det vedtatt med 15 mot 2 røyster at Bokn kommune skulle gå inn med kr. 50.000,- til kjøp av aksjer i Nye Bokn Fiskemottak A/S.

Sigurd Johnny Svendsen hadde foreslått at kommunen ikkje skulle gå inn med aksjekapital i det nye selskapet. Han sa at Bokn kommune nå hadde gjort sitt i det tidlegare selskapet ved å gå inn med kr. 170.000,- i aksjekapital og gitt lån på kr. 283.000,-. Han meinte at oppdrettarane sjøl nå burde gå inn og investera.

Saksframlegget frå rådmannen viste altså at kommunen totalt sett har brukt 453.000,- kr. i



aksjekapital og lån i det gamle selskapet som nå er tapt. Det er vel også

sannsynleg at Bokn kommune ved tilrettelegging av tomt, bruk av næringskonsulent m.v. har lagt endå større summar for å halda anlegget i gang, men så er det også tale om 10-20 arbeidsplasser. Dette vart av fleire framhalde som den viktigaste grunnen til at dei nå ville støtta bedrifta og la den få ein ny sjanse.

Utanom Bokn kommune vil Bokn Settefisk A/S, Loden Laks A/S, Vågen Laks A/S, og Øvrebø Fisk A/S gå inn som interessentar med til saman 250.000,- kr.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Gnr 20, bnr 32 er solgt for kr 3.000.000 fra Tungland Jone Holding as til Jone Tungland

03.12.2012

Kyrkjebakken 25 (Gnr 10, bnr 54) er solgt for kr 2.950.000 fra Åse Helen Alvestad til Marit Alvestad og Geir Skjong

07.12.2012

Andel av Ognøyvegen 32 (Gnr 1, bnr 9) er overdradd for kr 250.000 fra Jørgen Jarle Ognøy til Halvor Ognøy

14.12.2012

Krovegen 36 (Gnr 4, bnr 7) er overdradd fra Heine Halvor Trahaug til Kristi Trahaug

23.01.2013

Overdragelsen omfatter også Gnr 4, Bnr 6

Krovegen 36 (Gnr 4, bnr 7) er solgt for kr 3.000.000 fra Kristi Trahaug til Liv Brita Trahaug, Ane Trahaug Sirevåg, Atle Trahaug Sør-Reime og Heine Trahaug Sør-Reime

23.01.2013

Salget omfatter også Gnr 4, Bnr 6

Alvestadkroken 29 (Gnr 11, bnr 55) er overdradd fra Randa Bryningsland til Sverre Bryningsland og Willy Herigstad

(22.01.2013)

Margit Kro døydde 20. desember 2012, 88 år gammal.

Med Margit Kro sin bortgang har ein kjent person på Austre Bokn og Bokn kommune falle frå. Margit var frå Kopervik og dotter av Marie og Edvard Våga. Ho hadde fem brør, Einar, Olav, Georg, Sverre og Paul, og ei fem år yngre søster, Else-Marie.

Margit var gift med Kjell Kro, og dei hadde tre søner og ei dotter. Far til Margit var frå Fosna-Våga og var utdanna meierist frå Ås Landbrukshøgskole. Der vart han kjent med Marie frå Brandbu på Hadeland i Oppland. Dei gifta seg og Edvard vikarierte som meieribestyrar på to, tre meieri på Austlandet. Etter nokre år blei han meieribestyrar på Vigra ved Ålesund.

Dei var på Vigra i fem år til meieriet vart nedlagt. Då flytta dei til Kopervik og kjøpte ei kjøttforretning i Storgata og bustadhus i Skulegata. I tillegg til kjøtt begynte dei med fisk og avvikla kjøttalet. Margit hadde arbeidsplassen sin både i fiskebutikken og på kjøkkenet, der dei laga alle sortar fiske-mat.

Eg har kjent Margit i 67 år. Tilfeldigheiter var at eg arbeidde og budde hjå mannen hennar, og av den grunn var eg i bryllaupet i Kopervik i 1946. Seinare spurde eg søster hennar, Else-Marie, om ikkje overgangen var stor for Margit å koma frå ein by og flytta til ein plass i Kro. Men ho sa at Margit kunne flytta til ei aude øy og kor som helst, berre Kjell var der, for ho var så forelska i han. Dette vitna om ekte kjærleik.

Margit kom til sin nye heim på vårparten, og eg budde framleis hjå dei ut året. Ho vart svært interessert i gardsarbeid, og med sitt gode humør fann ho seg fort til rette på Austre Bokn.

Ho var ein person som folk blei fort glad i, og ho var lett å få omgang med. Seinare, etter eg flytta frå Bokn, var det lenger mellom kvar gong me treftest, men kvar gong spurde ho meg alltid om eg kunne hugsa då ho kom som gardskone til Kro, og ved middagsbordet der ho sat suppeskåla på bordet, slik at kvar kunne forsyna seg, då eg hadde sagt:

- Å, er det slik me skal ha det nå?

Dette hadde eg sjølv gløymt ut, men ho minna meg på det så mange gonger at eg nå ikkje har gløymt det ut. Det blei alltid ein god latter etterpå for oss begge.

Etter at Margit og Kjell flytta til Gausel, var eg mange gonger

og besøkte dei. Dette sette me stor pris på alle tre. Eg var der som regel 5-6 timar kvar gong, og me snakka for det meste om barndomstida og ungdomstida til oss alle. Men i hovudsak gjekk det i boknadrøs, livshistorie og sjukdoms-



historie, for me hadde noko kvar å kjempast med.

Då Margit vart åleine på Gausel, var eg framleis og besøkte henne. Då friska me hovudsakleg opp det som hadde knytt seg til hendingar i Kopervik. Det likte me best begge to.

For eit år sidan var eg og besøkte henne på Boganes. Med det same eg kom innanfor døra til daglegstova, såg eg Margit i ein stol langt inne. Ho såg det var meg på lang avstand. Eg sette meg i ein stol og me heldt kvarandre i hendene. Ho smilte og sa:

- Tenk at eg skulle få sjå Trygve igjen, det var veldig gildt.

Og det var gjensidig for meg.

Me snakka om mange ting som var og som hadde vore. Besøkstida varte i mange timar, og rett før eg skulle gå gjentok Margit det same:

- Tenk eg skulle få sjå Trygve igjen.

Eg følte det slik at eg la år til hennar liv.

Saknet etter Margit er størst for dei nærmaste. Men me har alle våre tankar.

Ein lyser fred over Margit Kro sitt minne.

Trygve Kro Alvestad

Gravlagde i Bokn 2012

Aslaug Jøsang (Stavanger)	20. februar
Ole Borgenvik	4. mars
Randa Bryningsland	26. mai
Otto Alvestad (Sandnes)	16. juni
Tommy Øvrebø	30. juni
Margit Kro (Stavanger)	20. desember



Arne Våge er død, 77 år gammel.

Han ble født på Austre Bokn 22.05.35. Foreldrene var Olga og Johannes Våge. Arne vokste opp med to brødre og to søstre.

Sjøen har alltid vært Arnes store hobby og interesse. Da han var liten, var han mye med Besten på sjøen med garn og teiner. Senere var han på sildefiske og fraktesbåt


I 1963 traff han Kari Elise fra Stavanger. De giftet seg i 1964 og tok over garden i Kro, som de bygget opp. Fem barn kom til etter hvert. Det var travle tider og mye hardt arbeid. Avkoblingen tok han på sjøen.

Arne jobbet hele uken, men søndagene var hellige. Da tok han ofte familien på båttur om været tillot det.

Etter at Arne overlot garden til sønnen, fikk han mer tid til å reise. Det ble mange turer både innenlands og utenlands. Dette satte han veldig pris på. Siste turen var i august i fjor, til Limfjorden.

Arne hadde alltid et glimt i øyet og en god replikk på lur. Han var helt til det siste veldig glad i kortkveldene med gode venner. Siste kortkvelden var nå i høst. Han måtte ha hjelp til å holde kortene, men koste seg stort.

Han trivdes godt i lag med sine åtte barnebarn og to



oldebarn. Arne vil bli savnet mye av familie og venner. Kvil i fred.




Foto: Kjetil Hamre

Liv Øvrebø fikk møte kjære igjen da hun gikk bort, 7. januar i år.

Hun var nummer fire i rekken i barneflokket på seks, til Anders Kro og Kirsten Kro (født Klemetsen). Hun var født 16. februar 1921, ble døpt 25. mars samme år og vokste opp på Øygarden/Nydal.

Når krigen startet var hun husmorstudent ved Sømme og ble evakuert derfra da krigen startet.

Hun giftet seg med Erling Øvrebø 13. november 1943 hos sorenskriver i Haugesund. Under krigen hadde ikke kirka slik fullmakt. De bodde på Vatnaland fra 1943 til krigens slutt og fikk sitt første barn der. I 1946 kjøpte de tomte «Klippen» i Nydal. De bodde to år i Øvrebøvågen/Søylå før huset sto ferdig.

Hun jobbet som husmor og vaskehjelp. Det begynte å bli trangt med arbeid så de forpaktet gård på Hinna i 63-66 hvorpå de flyttet til Skadbergåsen på Sola. Resten av livet var Sola deres bosted, men Bokn var fortsatt et viktig reisemål når muligheten bød seg for det.

Hun var aktiv i foreningslivet. IOGT-losjen, Kinamisjonen/ Norsk misjonsforening, og senere pensjonistarbeid. Hun strikket og broderte også mye.

Etter Erlings bortfall fikk hun et svært godt år i Tananger i aldersbolig til hun fikk slag. Hun var på Stavanger sykehus for rehab før hun havnet på Sola sykeheim og ble der resten av livet. Hun hadde det godt her også, og var en populær dame for pleierene å ta seg av.



Hun kunne være streng, men også veldig rettferdig. Hun stilte alltid opp da vi trengte hjelp, og minnes henne med stor glede. Vi takker alle for den hun var.

Hun hadde seks barn, hvor to er døde. 14 barnebarn, hvor en er død. Og 14 oldebarn.

Iskald terror, varmt samfunn

Kjetil Hamre

Endelig tilbake i Bokn prøver Vigdis og Håkon Sletten å få litt avstand til terroranslaget i Algerie.

Norge ser terrorens ansikt igjen, og som vanlig er ikke det noe vakkert syn. Anslaget mot Utøya gjorde et uut-slettelig inntrykk hos de aller fleste hos oss. Det var noe uvirkelig over at noen kunne bære på et så stort hat - at en slik handling fremsto som både rasjonell og rettfærdig hos terroristen. Nå har Norge opplevd nok et terroranslag. Denne gang var et deleid Statoilanlegg i Algerie terrorens mål.

Bokns trygge lille samfunn ble også rystet

Midt oppe i at dette har to boknarar følt terrorens klamme hender søke mot dem for å utøve sine ugjerninger. Vigdis Sletten har på mange måter blitt de pårørendes ansikt. Medias ønske om å forstå hvordan det er å leve under presset, å ikke vite om deres kjære har overlevd eller er blitt drept av terroristene, har vært skummelt å takle. Hun har klart dette med glans. Når hennes kjære Håkon ble erklært blant de overlevende og hun, etter en lang reise for Håkon, endelig kunne møte han, var dette selvsagt en stor lettelse.

I ettertid har Vigdis fått skryt av venner og kjente, for sin håndtering av en vanskelig situasjon. Statoil har heller ikke bemerkninger til hennes uttalelser i pressen. Nå vil ekteparet ha så mye ro som mulig, og Bokn Bygdablad er svært takknemlige for at de tok seg tid til å snakke med oss. Vi fikk møte dem begge i stuen deres samme kveld som de endelig hadde kommet tilbake til Bokn. Det skulle bli et sterkt møte. Det var to som hadde hatt tøffe døgn, men likevel satt fattet og kunne dele tanker som var fjerne for oss utenforstående, men også jordnære refleksjoner med meg.

Et meget spesielt intervju

Før intervjuet hadde redaksjonen i Bokn Bygdablad hatt et møte. Vi var nysgjerrige på mye rundt selve terrorhandlingen som nok de fleste i Norge er. Samtidig så vi at spørsmål rundt dette kunne bli vanskelige å håndtere for våre to berørte, og også at mange tanker og spørsmål kunne være umulige å svare på av sikkerhetshensyn. Intervjuet startet derfor med å avklare slike vansker med en gang. Det ble fort klart at jeg skrinla den opprinnelige tanken med intervjuet, la rolig fra meg MP3-spilleren avslått, og valgte heller å fokusere på deres tanker rundt hendelsene på deres personlige plan. Det kunne være tøft nok å gjennomføre, tenkte jeg. Uten annet enn samtalen i hodet kunne det bli vanskelig med

detaljer, men å la det hele bli en personlig samtale føltes både mer riktig og ærlig overfor Vigdis og Håkon. Jeg tror de satte pris på denne gesten.

Et sterkt møte

De satt så fattet i stol og sofa. Rolige og avbalanserte fikk jeg et innblikk i noen døgn som er vanskelige å referere til med forståelse fra en utenforstående. Jeg kunne leve meg inn i deres situasjon, men å si at jeg derfor kunne forstå alt de hadde gjennomgått ville være en stor løgn. Deres væremåte imponerte meg. De var åpne og fortalte villig på mine spørsmål. Praten gikk faktisk veldig lett, og som et journalistisk intervju ble det ulikt alt annet jeg har gjort. Nettopp dette førte til at det personlige preget ble så sterkt. Jeg satt og fikk innblikk i situasjoner og tanker som bar mer preg av samtaler mellom gamle venner, og atmosfæren var sterk og god.

Terroranslaget

Håkon unngikk døden med en hårsbredd slik alle de overlevende etter terroranslaget gjorde. Uten å gå i detalj forsto jeg hva tilfældighet, flaks og dyktighet kan ha å si i en ekstrem situasjon som terror er. Det var ikke så mye Håkon kunne si, men han skrøt av Algeriske myndigheter og de militære som var delaktige i at livet fikk gå videre. Terror er og blir en handling som ikke kan aksepteres. Håkon pekte likevel ut en viktig detalj. Dette var ikke en handling som var representativ for religion og ideologi, og som hadde rotfeste i store folkeslag. Det var gale menns verk uten respekt for mennesket, en kreftbyll som måtte fjernes. Så enkelt og så elegant viste han sin respekt for religion og tro til milliarder av mennesker. At noen skjuler seg bak en hellig bok eller tanke er likegyldig. Slike handlinger er falske og har ikke rot i noen stat eller religiøs tro. Han viste til hendelsen vi hadde på Utøya. Det var en manns verk som hadde mistet alt som er av bakkekontakt. Slike mennesker finnes det dessverre noen av overalt. Å klare å være så reflektert rett etter at livet var så nær å mistes, vitner om en mann med enorm indre



Vigdis Sletten ble tidlig kontaktet av norsk og internasjonal presse, og gav med det de pårørende i Norge et ansikt. Håkon er innstilt på å reise tilbake til Algerie, og ville derfor av sikkerhetsmessige grunner ikke fotografers.

styrke og evne til refleksjon.

Varmen i et rom

Vi snakket litt om dette, og jeg kunne kjenne en del av hans styrke spre seg både til meg og hans kone. Det var en strabasjos reise hjem til Norge, kone og barn. Det var nok ikke bare Håkon som hadde styrke til å takle de grufulle hendelsene. Med en mellomlanding i Palma på Mallorca kom tanken om hawaiiiskjøter. Den spant fort over i «Mallorcablusen» - en sang som mange nok kan huske. Slike øyeblikk og tanker er/var og blir nok kjærkomne hos alle berørte.

Tilbake i Norge

Fremme i Bergen måtte Håkon gjennom politiavhør. Debriefing er forståelig og viktig for kunnskap for å prøve å unngå slike hendelser i fremtiden. I Bergen var det en beredskap som tok seg av alle berørte. Hjelpen sto formelig i kø. Statoils rolle her var imponerende. Vigdis og Håkon lovpriste håndteringen og støtten de fikk. Likevel lokket det å få komme hjem til egen stue her på Bokn. Tidlig onsdag 23. januar satte de seg endelig i bil med Bokn som mål. Likevel var de ikke ferdige med dramatikken. Selv i Norge fikk de oppleve at livet er skjørt og at tilfældigheter kan føre til dramatiske konsekvenser. En hjort fant plutselig ut at den skulle krysse veien. Rett foran bilen kom den løpende. Heldigvis fikk Håkon svingt unna og ingen skade skjedde. Litt fleipete sa han at

refleksene vel var blitt enda bedre etter terrorhandlingen, og i den uttalelsen ligger en styrke og humor det kan bli godt å ha med seg videre i livet.

Vel hjemme på Bokn

De la ikke skjul på sin fasinasjon og forelskelse de hadde funnet for Bokn. Mang en gang hadde de kjørt gjennom kommunen før de besluttet å kjøpe et hus og bosette seg her hos oss. Det er en avgjørelse de aldri har angret på. Mange venner har lurt på denne avgjørelsen, men når de kom på besøk sier ekteparet at forståelsen for valget var lett å skjønne. Nå er jeg vel litt inhabil i dette, men at andre også kan klare å sette pris på styrken som finnes i et lite samfunn og dets spennende natur varmer mitt hjerte.

Jeg møtte ekteparet på COOP Bokn. Da hadde de fått noen timer i huset sitt. Vigdis hadde fyrt opp i peisen, og varmen kom sakte tilbake, både hos ekteparet og huset. De hadde sluppet av og fått litt ro over seg etter de hektiske døgnene. På en så liten plass er nærheten og støtten lett å føle. De snakket rolig og avslappet med ansatte i butikken. Jeg fikk hilse på og gjorde avtale om tidspunkt for intervjuet. Jeg fikk også vite at Håkon ville ta turen opp til Boknafjellens topp. Det forstår jeg godt. Utsikten her er fantastisk, og den roen du kan finne der oppe er styrkende selv for en som ikke har hatt traumatiske opplevelser.

Forberedelser

Litt urolig for intervjuet gikk jeg for å snakke med redaktøren. Vi snakket lett om hva vi ville med intervjuet, og som jeg nevnte innledningsvis forelå det en skisse over dette. Jeg er glad i vårt lille bygdeblad, og tenkte gjennom alle de intervjuer jeg har gjort for dette. Nervøs har jeg vært før, men jeg gruet meg faktisk for det jeg nå skulle gjennomføre. Vel hjemme krøp jeg under et teppe og grublet. Sønnen tok meg, og jeg og underbevisstheten gjorde meg klar til et møte som vil prege meg resten av livet. Jeg takker for Håkon og Vigdis sin åpenhet og hjertevarme og ønsker dem alt godt videre i livet. Det er ikke vanlig å få oppleve så fantastiske mennesker og få dele deres tanker på et så personlig plan.

Før intervjuet var ferdig ringte det på døren. Inn kom et ektepar som jeg også kjenner godt. Det var tydelig at dette var et kjærkomment besøk, og viser at vårt lille samfunn vil hjelpe med å prøve å normalisere situasjonen til Håkon og Vigdis. Støtte vil det nok ikke mangle, men jeg håper også at de kan få bearbeide traumet i eget tempo. Jeg hilste på gjestene og fikk tatt noe bilder av Vigdis helt på tampen. Håkon er innstilt på å reise tilbake til Algerie når tryggheten er på plass. Derfor ville han ikke fotograferes. En stødig mann og et forståelig ønske gjør ham litt mystisk. Mer feil kan det ikke være. Rakrygget, og med både humor og alvor vil jeg ha bilder av han på

netthinnen i lang tid fremover. Det er et minne jeg er ærbødig for å ha fått.

Tanker i hodet

Jeg kjørte ikke direkte hjem. Mange tanker raste rundt i hodet så jeg måtte ta en stopp. Under stjernehimmelen ruslet jeg litt rundt og tenkte over livet. Vi er alle glade i det, men hvordan det leves er så forskjellig. At mennesker kan ha så destruktive krefter er vanskelig å forstå. Jeg håper inderlig at ingen skal gjennomgå det som Håkon og Vigdis har gjort. Likevel vet jeg innerst inne at personer med slik forakt for livet finnes. Jeg minner på Håkons egne tanker rundt dette. Mennesker med slik forvridde menneskebilde finnes overalt. Vi må ha gangsyn når de viser sitt sanne ansikt og se galskapen de har i seg. Folkeslag har ikke noe med dette å gjøre. Heller ikke religion og tro. Det er forvridde enkeltmennesker uten respekt for andre. Ikke bli en del av deres verden, så kan vi kanskje klare å hindre at lignende skjer igjen.

Til slutt vil jeg si at Bokn Bygdablad og jeg er takknemlig for at dere åpnet deres hjem. Vigdis og Håkon, vi ønsker dere alt godt i fremtiden og den støtten dere måtte trenge er her. Jeg vil påpeke at dere har utrolig mye å gi boknasamfunnet, ja, jeg er nesten sikker på at det til slutt vil vise seg at det er dere som har støttet og beriket oss, og ikke omvendt.

KULTURKALENDEREN - Endringer/nye arr. er **markerte**

Februar

- 20. **Dåpsskule for 1. klassingar i Allrommet kl. 12.40-14.30**
- 21. **CodeB-samling for 5. Kl., Tysvær soknehus kl. 18-20**
- 22. Kino i Auditoriet
- 23. **Loppem. på Kyrkjebyggd 11-17 - Bokn hjelper Ukraina**
- 24. Gudsteneste 13.00
- 25. Bibellesing kl 19.00
- 25. Årsmøte kl. 19.00, Bokn Musikkorps
- 27. **Dåpsskule for 1. klassingar i Allrommet kl. 12.40-14.30**

Mars

- 01. Møte Den indre sjømannsmisjon bedehuset kl 19.00
- 02. **Bokn Røde Kors har årsmøte kl. 14.00 på RK-huset**
- 03. Møte Den indre sjømannsmisjon bedehuset kl 19.00
- 04. **Bokn sanitetsforening har årsmøte i Allrommet, Boknaton**
- 05. Speidarbasar på bedehuset **kl. 17.30**
- 06. **Dåpsskule for 1. klassingar i Allrommet kl. 12.40-14.30**
- 07. Soknerådsmøte på bedehuset
- 08. Bedehuset sitt årsmøte
- 08. Kino i Auditoriet
- 10. Gudsteneste kl 11.00, Årsmøte etterpå
- 11. Bibellesing kl 19.00
- 13. **Dåpsskule for 1. klassingar i Allrommet kl. 12.40-14.30**
- 13. "Han Innante" m/fl., arr. Bokn Næringsforum
- 17. Møte ABR senteret bedehuset kl 19.00
- 19. **COOP Haugaland Bokn Krets har årsmøte på Idretts-huset kl. 19.00**
- 20. **Dåpsskule for 1. klassingar i Allrommet kl. 12.40-14.30**
- 22. Kino i Auditoriet
- 24. Gudsteneste kl 11.00, konfirmantar, dåpsskule
- 24. Bingo kl. 19.00, arr. Bokn Musikkorps

veke 13 Påskeferie, Bokn skule

- 25. Bibellesing kl 19.00
- 28. Påskemåltid på bedehuset
- 29. Gudsteneste 11.00
- 31. Gudsteneste 15.00

April

- 04. Soknerådsmøte på bedehuset
- 05. Kino i Auditoriet
- 08. Bibellesing kl 19.00
- 10. **Samling for 3. klassingar, Allrommet Boknaton**
- 14. Vårkonsert kl. 16.00, Bokn Musikkorps
- 14. Møte Gidion bedehuset kl 19.00
- 19. Kino i Auditoriet
- 21. Gudsteneste 18.00 Samtalegt. Konf. fest etterpå
- 22. Bibellesing kl 19.00
- 28. Gudsteneste 11.00 Konfirmasjon

Mai

- 03. Kino i Auditoriet
- 06. Bibellesing kl 19.00
- 12. Møte Misjonsambandet bedehuset kl 19.00
- 17. Gudsteneste 10.30
- 22. Soknerådsmøte på bedehuset
- 26. Gudsteneste 11.00
- 31. Kino i Auditoriet

Juni

- 02. Normisjonsmøte bedehuset kl 19.00
- 05. **Bokn sanitetsforening har basar på skulen**
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. Gudsteneste 11.00 **i Loten**
- 19. Soknerådsmøte på bedehuset



Gratulerer!



Benjamin kom til verden 03.12.12 i Stavanger og var 3260 g og 49 cm lang. Stolte foreldre takker for alle gratulasjoner og lykkeønskninger i tiden som har gått siden da.

Henriette Øvrebø og Mads Bertin Ohnstad



Stian Ognøy Våge - 1 år, 25. januar.

Me vil gratulera godgutten vår med 1 årsdagen!

Hilsen Espen, Henrik, mamma og pappa.



Oddrun Grønnestad - 18 år, 21.12.12.

Gratulera så møje me dagen, håpe an blir fantastisk!

Klem Sandra



Arnold Håland - 75 år, 25. januar.

Vil gratulera pappa/svigers/morfar og oldefar Arnold Håland med 75 årsdagen. *Du e gullgoe!*

Hilsen oss på Bokn.



Hanna Røsdal Lund - 2 år, 27.12.12.

Hurra for den minsta prinsessa vår som blir 2 år, 27. desember. Gratulera med dagen, Hanna.

Hilsen Magne, Lovise, mamma og pappa.



Stian Ovidth - 8 år, 2. februar.

Gratulerer hjerteligst med dagen!

Masse hilsner fra farmor og farfar.



Annelin Jøsang - 12 år, 4. januar.

Me vil gratulera Annelin så masse med 12års dagen!

Stor klem fra mamma , pappa og Bjørn Ove.



Christian Ovidth - 40 år, 4. februar.

Gratulerer hjerteligst med dagen!

Klem fra mamma og pappa.



Theo Grønnestad Johanssen - 3 år, 7. januar.

Gratulera masse med dagen, bestaste Theo gutten vår! Me er kjempeglad i deg.

Goe klem fra Mommor å Offar.



Konrad Aarvik - 1 år, 17. januar.

Me vil gratulera sjarmøren vår med 1 års dagen! Gla i deg:)

Stor klem frå farmor og farfar, tante Elin og onkel Lauritz, Simon, Regine, tante Vibeke og onkel Simon.



Lisbeth Jøsang - 25 år, 20. januar.

Me vil gratulera vår kjære Lisbeth så møje me 25 års dagen. Kjempeglad i deg!

Klem frå pappa, mamma, Roar og Sandra. Besteforeldre og dyr hilse og!

To band til!


Birger Lindanger

Som alle boknarar hugsar, kom gards- og ættesoga for Bokn ut i 2002 i to band på til saman 1142 sider. Me rekna då med at så mykje var skrive om det spennande øysamfunnet, at kulturhistoria burde få rom innan permene på eit band på 500 sider. Men som de også hugsar, viste det seg då hausten 2012 kom, var det alt skrive 500 sider historie og me var framleis ikkje heilt ferdige med 1700-talet.

Bygdeboknemnda søkte difor om at også denne delen av boknasoga måtte koma i to band på kring tusen sider. Rett før jul gjorde kommestyret eit

samrøystes vedtak om at slik skulle det bli.

Framdrifta er nå lagt opp slik at bøkene skal liggja føre til julesalet 2013. Innan permene vil då lesarane kunna møta liv og lagnad på Bokn frå dei eldste tider til i dag. Bitar av innhaldet har elles frå tid til annan funne vegen til Bokn Bygdablad – me håpar det har gitt meirsmak.



**Formannskapsmøte 22. januar 2013****Sak 008/13 Søknad om tilskott frå næringsfondet****Formannskapet sitt vedtak:**

40.000,- blei gitt i næringsstøtte til søkjar og skal overførast på grunnlag av dokumentasjon for kostnader av det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Sak 009/13 Søknad om tilskott frå næringsfondet**Formannskapet sitt vedtak:**

100.000,- blei gitt i næringsstøtte til søkjar og skal overførast på grunnlag av dokumentasjon for kostnader som er minimum det dobbelte av beløpet.

Sak 010/13 Eventuelt

Det blei informert om Rogaland fylkeskommune si hand-saming av kommuneplan for Bokn kommune.

Forvaltningsstyremøte 6. februar 2013**Sak 001/13 GNR.3 BNR. 22 - Gro Jorunn Saltvedt - brakke -dispensasjon****Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Samrøystes

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kommuneplanen sin arealdel samt frå byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjøen, og gjev løyve til at eksisterande brakke vert ståande. Det er ein føresetnad at det blir gjort ombygging slik det går fram av søknaden. Det er lagt vekt på at det omsøkte arealet i framlegget til ny arealdel er vist som byggeområde, og at fylkesmannen ikkje har innvendingar.
2. Det vert teke atterhald om at det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, som fører til at saka må handsamast på ny.



Innspel til kommuneplanen frå Bokn Næringsforum

Bokn næringsforum hadde gjennomgang av planen i møte 15. Januar 2013. Her er innspela:**Ognøy**

- Sikker avkjørsel til Ognøy må legges inn i planen
- for å sikre vidare utvikling for virksomheten som er etablert der
- trafikksikring for å unngå framtidige ulykker

Austre Bokn

- Bokn Næringsforum støtter området som er foreslått til fritids- og turistformål på Nordre Vågeholmen.

Vestre Bokn

- I havna i Knarholmen må det båndlegges mer areal til fiskeriformål, inkludert større fiskebåter.
- Næringsforumet støtter foreslått utvidelse av næringsområdet i Knarholmen, men ønsker at det strekker seg helt til Sandvika.

- Det er viktig at Bokn kommune gis

mulighet til å utnytte steinmasser fra Rogfast ved utvidelse av næringsområdet i Knarholmen. Forumet går i mot midlertidig deponering og all bruk av stein må ha næringsmessig nytteverdi.

Generelt:

På grunn av at det ikke finnes ledige tomter i Bokn i dag, må det legges opp til muligheter for å bygge hus flere steder i Bokn, også utenfor Føresvik. Der det ligger til rette for utvidelse av eksisterende byggefelt og infrastruktur, prioriteres dette. Spredt boligbygging må tillates i hele kommunen.

For å bli en attraktiv kommune å bo i, er det viktig at Bokn legger til rette for gode båt plasser i kommunen.

Det er viktig at kommunen legger forholdene godt til rette for sjønære virksomheter i hele kommunen, både eksisterende og nye. Utenom Knarholmen må det ligge til rette for spredt næring, f.eks. i Jøsen, på Are og Ognøy.

Området som er foreslått til ny barnehage og idrettshall legger beslag på dyrka areal, i tillegg må eksisterende hus rives. Dette ønsker ikke Bokn Næringsforum. Det gir heller ikke særlige muligheter for framtidige utvidelser.

På grunnlag av muligheter som er beskrevet i Moglegheitstudie for Bokn kommune som ble utarbeidet av Norconsult i 2010, ønsker Bokn Næringsforum at diskusjonen rundt hvor framtidig sentrum skal ligge, tas opp på nytt.

I havna i Knarholmen må det båndlegges mer areal til fiskeriformål, inkludert større fiskebåter. Bokn Næringsforum benytter anledningen til å påpeke at god infrastruktur er avgjørende for næringsutvikling. I Bokn gjelder dette særlig oppgradering av fylkesveien mot Trosnavåg og bredbånd i hele kommunen.

Fra barnemunn:

Det som er viktig for mødre, er at de får barn. Hvis de tilfeldigvis er så uheldige å ikke få barn, må de være alene mødre hele livet.

Tanten min har en sønn som ikke er hennes, men som er datteren til stefaren. Han er ti år og har Dow Jones

syndrom. Han er veldig blid og litt klumpete og veldig positiv på en negativ måte.

Pappaen min er veldig glad i meg. Han er så glad i meg at han skriker til meg i butikken.

I en familie kan man si akkurat hva man mener uten å være redd for at

noen andre skal mene det samme.

Hvis Gud hadde holdt det han sa om å la alle barna komme til seg, så hadde vi ikke trengt barnehager.

Kona til Gud heter Gudmor. Hun er moren til alle barnebarna hans: Moses, Jesus og Julenissen.

Kilde: Internett

Flott vintervér

Jardar Havikbotn

Det fine og kalde vintervéret i januar førte til stor uteaktivitet fleire stader i Bokn.

Som kjent er det mange vatn og tjørn å boltra seg på i kommunen, og det kom fleire meldingar om moro på isen, både organiserte og uorganiserte. M.a. blei VM i Våga arrangert igjen, etter nokre års pause - sjå neste side.

Som vanleg var det folksamt, både dag og kveld, på vatnet med eigen lykte-stolpe, Boknabergsvatnet. Her var det også fleire dagar med besøk frå barnehagen og skuleklassar.

Folksamt på Boknabergsvatnet om ettermiddagen 19. Januar.

Foto: Kyrre Lindanger



2. klasse hadde skeisedagen sin i Loten:

Skeisedag i Loten

Tilrettelagt tekst: Wenche L. Havikbotn - foto: Anette Våga

Onsdag 16. januar var 2. klasse i Loten og hadde ein fantastisk dag på isen. Her er noko av det elevane skreiv etter denne dagen:

I går var vi i Loden. Heile 2. klasse var med. Vi hadde det veldig kjekt.

Me ville vera lengre.

I går gjekk me på skøyter. Me spelte hockey og det var veldig kjekt.

Me snubla litt på isen. Me datt mange gonger. Me datt 1000 gonger.

Me hadde bål. Me varmt kakao. Vi drakk kakao.

Me grilla pølser. Me poppa popcoen.

Når me tok popcornet av bålet, poppa det fortsatt.

I isen fant me to vassbiller, dei klarte seg under isen.

Vi tok bilder.

Vi hadde det kjempegøy på isen.

Joshua, Sondre, Alida, Joakim, Karianne, Synne, Markus og Kelly.



KJEKT PÅ ISEN: Framme fv. Joshua Ognøy, Markus Foss, Synne Jøsang og Karianne Våga. Bak fv. Sondre Norekvål, Joakim Øvrebø, Kelly Vatnaland (m/ lærar Wenche L. Havikbotn bak) og Alida Alvestad.



VM i strålande vintervær

Tekst: June Kro - foto: Silje Aksdal

Sist det var Vågameisterskap var i 2010 på sjøisen i Vågavågen, så det var på tide med eit nytt. 20. januar var det klart for VM igjen, denne gong på Vågatjørna, også kalla «Tjydnå».

Sol og vindstille gav fantastiske forhold. Kl 13 vart grillen og bålpanna fyrst opp. Tilsaman var over 40 stk utpå isen, med og utan skeiser. Leiker som «Hauk og due» og «Hockeykamp» trakk mange deltakerar og stort engasjement.

Ein annan aktivitet som sjølvsagt høyrer med til eit VM er skeiseløp. Her vart det mange gode duellar og tider. Raskast med tida 20,3 og dermed årets VM-meister (Vågameister) vart Sigmund Grønnestad.

Blant den yngre garde vart det Preben Våga som hadde best tid og vart Junior-Vågameister.

Stor glede gav også kjøring med stol på isen, denne aktiviteten passa for alle aldrar og ferdighetsnivå. Både før og etter leiker og aktivitetar var det godt med grillmat og kakao m.m. Utover ettermiddagen trakk fleire og fleire mot bålet for varme og god drøs. Eit vel gjennomført Vågameisterskap, så er det berre å håpe at det let seg gjennomføra også neste år.



Isvettreglane

Korleis kan du avsløre om isen er trygg - og kva gjer du viss uhellet er ute? Les isvettreglane.

1. Ha respekt for isen.

Ver merksam på at isen aldri kan bli heilt sikker overalt.

2. Ikkje gå ut på is uten å kunne symje.

Helst bør du ha prøvd å vera i isvatn, både for å kjenne til korleis det er, men også for å kjenne til din eigen reaksjon viss du hamnar i så kaldt vatn. Kan du ikkje symja, bør du ha på deg ein form for flyteplagg.

3. Hold deg på sikker is.

Styr unna stader der du bør vite at det er svak is. Med kjennskap til is vil du gå utanom siv, råker, bruer, odder, utløp, innløp, trange sund, stader der du veit det er grunnar, eller der isen nett har lagt seg. I forhold til is på regulerte vatn og korleis istilhøva kan variera med varierende vasstand, effektivisering osv. finn du informasjon på www.nve.no.

4. Ver særst merksam på haustis, snødekkta is og våris.

Nylagt is eller is som nærmar seg å gå opp, er ikkje alltid trygg. Snødekkta is kan vera skummel fordi du ikkje kan sjå eller merka kvar han er svak, før det er for seint. Særst merksam skal du vera viss snøen har lagt seg på isen kort tid etter at han la seg. 30 cm snø isolerar og gjer at isen ikkje legg på seg.

5. Bruk alle sansane når du går på isen.

Isen gir lyd frå seg. Høge og korte lydar er eit varsel om tynn is. Kvit eller grå is er svakare enn mørk is (gjeld ikkje vårisen) og blank is. Is på saltvatn er svakare enn is på ferskvatn.

6. Gå fleire i fylgje.

De representerer ein redningsmoglegheit for kvarandre. Går de litt spreidd, vil de fordela vekten over ein større flate, samstundes som ikkje alle vil gå igjennom på ein gang.

7. Ta med deg skikkeleg og nok sikringsutstyr.

Dette må ein sjå i forhold til erfaring

og kva type tur du er på. Ein godt festa sekk med skiftetøy pakka i vanttett pose, gir oppdrift. Ispiggar er obligatorisk. I tillegg bør du ha ei kasteline med deg.

8. Viss du går igjennom isen, ikkje få panikk.

Tenk klart, og sjansane aukar for at du kjem deg opp igjen. Forsøk å halde hovudet og øvre del av kroppen mest mogleg over vann. Dette vil redusera nedkjølinga og auka sjansen for å overleva. Hamnar du under isen, må du leita deg fram til der isen er mørkast, der er det ope vatn. Søk alltid etter å komme opp i den retninga du kom frå før du gjekk gjennom. Bruk ispiggar, tollekniv, stav eller ein spiss gjenstand for å hogga tak i isen, og hjelp til med kraftige spark.

9. Viss andre går gjennom isen; hald avstand.

Bruk såkalla forlenga arm. Helst ei redningsline, livredningsbøye eller anna du kan kasta bort til den i vatnet. Har du ikkje dette, trekk deg fram på magen og rekk ut ein ski, skistav, eit belte, ei grein eller liknande. Syt for ei form for forankring slik at du ikkje blir dratt uti.

Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

18.06	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
01.10	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
17.12	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn formannskap

19.03	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
14.05	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
04.06	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.09	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
05. og 06.11		
Budsjettkonf.	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)
03.12	kl. 17.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn forvaltningsstyre

06.03	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
17.04	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
12.06	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
21.08	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
16.10	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
11.12	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)

Bokn kontrollutval

07.03	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
23.05	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
05.09	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)
07.11	kl. 19.00	(Boknatun, 2. etasje)

Bokn sokneråd

29.08	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
26.09	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
25.10	kl. 19.00	(Bokn bedehus)
27.11	kl. 19.00	(Bokn bedehus)


Bokn senior/bukarråd

11.04	kl. 18.00	(Boknatun, 1. etasje)
-------	-----------	-----------------------

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.

Sakspapira blir utlagde til offentlig ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.



Ferdig til våren

Kyrre Lindanger

**Alvestadkroken bru opna for biltrafikk 17. januar.
Endeleg tilpasningar kjem til våren.**

Prosjektleiari i Statens vegvesen, Jarle Berge, seier til Bokn Bygdablad at det framleis er for kaldt til å gjera dei endelege tilpasningane på begge sider av brua. Dette vil først skje til våren, då det m.a. vil bli asfaltert ferdig og laga til fortau.

Han ber bilistar vera merksame på noko dårleg sikt over brua til dette arbeidet er ferdig. Før det kjem fortau, vil det bli merking i vegbana til gåande.

Markering for lang tenestetid

Jardar Havikbotn

Under julelunsjen for kommunalt tilsette 21. desember i fjor blei det delt ut gratiale for 15 og 25 års teneste.

Rådmann Jan Erik Nygaard heidra fv. Ann Kristin Grønnestad (15 år), Arne Hosaas (25 år), Stein Magnar Gjerde (15 år) og Marianne Øvrebø (25 år).

Hendinga blei som vanleg pakka inn av ein velsmakande julelunsj, julepakkar og drøsetid.



Omsorg i de frivilliges hender

Anne E. Askeland

Å sleppe gjennom nålauga...

Då har vi endeleg sett det, svart på kvitt: Tilsagnsbrevet frå Regionalt Forskningsfond, Vestlandet låg nyleg i postkassa på kommunehuset.

Vi fekk dog nyss i dette for ei tid tilbake: Eit par dagar før jul fekk vi signal om at vi ville verta tildelt midlar i forbindelse med eit forprosjekt kalla «Omsorg i de frivilliges hender». Ak-tørane som per i dag er involverte er Bokn kommune, som og sit med det formelle prosjektansvaret, Karmøy kommune, Haugesund kommune, Frivillighetsentralen i Haugesund og sist, men ikkje minst: Forskningsstiftinga Polytec.

Bokn kommune sit med prosjektansvaret medan Polytec sit med prosjektleiinga. Polytec skal sikre at prosjektet vert gjennomført etter forskningsbaserte prinsipp og vi som kommunar er svært glade for at Polytec med sin høge faglege kompetanse, har teke prosjektleiinga. Det er og kjekt å notere seg at også små kommunar vert ansett som aktuelle og relevante samarbeidspartnarar når det kjem til prosjekt av ulik art; denne gongen handlar det altså om eit forskningsprosjekt.

§ 8-3 i Helse og omsorgstenestelova seier nemleg at «kommunene skal medvirke til og tilrettelegge for forskning for den kommunale helse - og omsorgstjenesten.» Offentleg sektor (på generelt nivå) er på langt nær komme dit, men ein har starta. Gjennom vår samarbeidskonstellasjon ynskjer vi å vise at det bærer frukter av godt samarbeid mellom kommune - og forskarmiljø. Vi kan gjere kvarandre bedre. Vi set fokus på det å tenke nytt i offentleg sektor, med det mål å kunne tilby innbyggjarane bedre tenester som igjen gjev bedre livskvalitet.

Forprosjekt no; hovedprosjekt i 2014 – 2016?

Prosjektet, som i henhold til framdriftsplan og tillat tidsramme, skal vere avslutta seinast desember 2013, skal sjå på fylgjande problemstilling:

Vert samarbeidspotensialet med Haugalandets frivillige organisasjonar, utnytta når det kjem til det å møta eit aukande behov for omsorgstenester generelt?

For så å kunne seia noko meir om dette skal ein arbeide for å sikre ein fagleg og forskningsbasert forankring når det kjem til:

M1: Kunnskapsstatus om omfanget av frivillig sektor på Haugalandet

For å kunne gi en oversikt over hele frivillig sektor, vil vi innhente informasjon om frivillige organisasjoner innenfor alle tilgjengelige kategorier av virksomhet.

M2: Kunnskapsstatus om Haugalandets nåværende samarbeid med frivillige organisasjoner

Kunnskapsinnhenting vil i hovedsakelig fokusere på samarbeid innen områdene helse-, omsorgs- og folkehelsearbeid rettet mot mottakere av helse- og omsorgstjenester.

M3: Kartlegge de regionale mulighetene. Kunnskap om de lokale utviklingsmulighetene for samarbeid mellom kommunal- og frivillig sektor

Her vil fokus også være på samarbeidspotensialet innenfor andre kommunale fag-/tjenesteområder.

(Henta frå prosjektbeskrivinga)

Bakgrunn for forprosjektsoknaden

Andelen omsorgstrengjande aukar, i takt med at det vert færre «varme hender» til å ta vare på dei som i varierende grad, er omsorgstrengjande. I tillegg er forventningane til kvaliteten i tenestetilbodet stigande, parallellt med at det er utfordrande å sikre tilstrekkeleg kvalifisert helsepersonell. Og som vi har vore innom så mange gonger tidlegare: kan vi intervensere (iverksetje tiltak) på eit tidleg tidspunkt, uavhengig av diagnosar, funksjonsevne, sosial status m.m så aukar sjansane for at vi kjem eit «problem» eller ei utfordring til livs, før vi kjem til det stadiet at vi må reparerer og behandle i stadenfor.

Underteikna har ved tidlegare høve vist til ei utredning NOU 2011: 11: Innovasjon i omsorg, utarbeidd av Kåre Hagen og hans «crew». Utredninga peikar på fleire forhold ved utfordringane vi vil møte i åra som kjem, det vert også peika på ein del mytar når det kjem til morgondagens «eldrebølge» og det vert peika på konkrete, foreslåtte tiltak for å møte utfordringane.

Eit av dei tiltaka det vert vist til, og foreslått å gjere noko med, er å intensivere arbeidet for å identifisere kva allereie etablerte samarbeid frivillig sektor og det kommunale tenesteapparatet står for når det kjem til det ein kan putte inn under betegnelsen



helse – omsorgstenester. I tillegg vert det i klartekst foreslått fylgjande:

Punkt 2.3.1 «Næromsorg» - den andre samhandlingsreformen

(...) Ideelle tiltak og virksomheter i form av frivillige organisasjoner og brukerstyrte samvirkeforetak bør gis betydelig større rom i utviklingen av framtidens omsorgstjenester. Utvalget har tro på at dette vil styrke innovasjons- og utviklingsarbeidet på omsorgsfeltet og invitere til aktiv deltakelse og samskaping av nye eierformer og driftsmodeller for å møte den sterke veksten i omsorgsbehov som ventes i årene etter 2025. Da bør en sette seg store mål. Utvalget foreslår at et av målene kan være å la 25 % av den samlede virksomhet i omsorgssektoren bli organisert og drevet som ideel virksomhet innen 2025.» (NOU 2011: 11 Innovasjon i omsorg)

Verdien av ei samhandling mellom det frivillige og det kommunale vil, etter alt å døma, vera av uvurderleg verdi. Både målt i kroner, men viktigast av alt: Målt i livskvalitet. Det vil vera viktig i det framtidige arbeidet å ikkje «gå i fella» og å lata frykta for at det frivillige skal «formaliserast og organiserast i hel» og at det er staten som no skal leggje føringane, øydelegge. Det frivillige vil alltid vere tufta på det ibuande gode i eit kvart menneske. Eit ibuande gode som seier at: «Den største gleda du kan ha er å gjere andre glad.» Ein frivillig innsats, som også på sikt kanskje er definert som ein del av «tenestetilbodet» til kommunen, gjev vinn- vinn for alle involverte – så lenge alle har glede av det.

Eller for å seie det på ein annan måte, og som det så perferkt vart referert til i Haugesunds Avis artikkel om «Frivillig innsats for fellesskapet», signert Ruth Sunnanå Sveistrup, forleden dag: *Ruth Ditsch, Sør- Carolina, USA (90 år) jobber ved en matstasjon en dag i uka. – Dette holder meg frisk. Jeg trenger ikke medisn, sier hun.* Så enkelt kan det også seiast. Berre tanken gjer meg glad.

Hodelus

Jan Schille

Det har vore og er diverre framleis mange tilfeller med hodelus mellom born i barnehage og barneskule på Bokn.

Hodelus bur og lev i hodebotn på den råka, og den forsvinn ikkje av seg sjølv dersom den først har slått seg ned. Den lever av blod og det er dei tallrike små bitta i hodebotn som gjev kløen som du som foreldre og føresatt må kjenne igjen. Hodelus i seg sjølv er ikkje farleg, dei er ikkje sjukdomsbærar, men kløen kan gje sår i hodebotnen som kan bli infiserte.

Lusa smitter lett frå eit hovud til eit anna ved direkte kontakt, og smitte er vanlegast mellom 4 og 12 åringar – og for å bryte ein smittesirkel må heile hustrandar sjekke seg.

Diagnosen stillast av foreldre og føresatte ved bruk av lusekam. Dette er den enklaste og beste måten å oppdage lusa eller egg. Lusa er 2-3 m.m. stor, eggja om lag 0,3 x 0,8 med mer store – godt synlege for normale auge i godt lys. Eggja kan vere gullkvite før og kvitlege etter klekking og heng godt festa til hårstråa, typisk 1 cm frå hodebotn eller nærmare. Vanlegvis kan ein finne opp mot 100 lus på eit hovud. Bitta er for små til å synast i all hovudsak. Grundig greiing med lusekam MÅ til for å vere sikker på at pøden ikkje har lus. Kort hår eller spesiell hårtyppe – lusa gjer ingen skilnad, den trivst i all slags hår.

Skal vi klare å bryte smittesirkelen som går på Bokn no MÅ foreldre og



Vi ber dykk, kjære foreldre og føresatte om grundig å sjekke med lusekam ein gong i veka den komande månaden, og ved funn om å følge bruksanvisninga til lusemiddelet. Lusemiddel utan greiing er ikkje godt nok!

føresatte sjekke sine små og kvandrane ved mistanke om lus. Ved funn av lus MÅ det startast behandling med lusemiddel, og denne må gjentakast etter ei veke. Finn du ikkje lus første gongen, så MÅ du sjekke på nytt etter ei veke ved grundig kjemning. Vi tilrår sterkt at du sjekkar dine ein gong i veka den komande månaden for å vere heilt trygg på at ingen i husstanden er vert for hodelusa.

Vi er heilt avhengige at av dette vert gjort skal vi få bukt med lusa denne

gongen. Det er ikkje nok med ein sjekk (av lege, helsesøster eller føresatt) og det er ikkje nok med ein behandling med lusakur. Vi ber dykk, kjære foreldre og føresatte om grundig å sjekke med lusekam ein gong i veka den komande månaden, og ved funn om å følge bruksanvisninga til lusemiddelet. Lusemiddel utan greiing er ikkje godt nok!

**Med helsing,
Jan Schille,
Kommunelege**

Lusemiddel

Lusfri Norge anbefaler å bruke lusemiddelet **linicin** - som er ein hårkur i 15 minuttar. Eg har også vore i kontakt med farmasøytar som vil anbefale dette middelet sidan det er brukarvenleg og skånsomt.
<http://www.lincin.no/behandle-lus/lincin-15-min-solution/>.

Helsesøster

Mark

Det er oppdaga mark i barnehagen. Symptomar på dette er kløe i endertarmsopninga og kvite «prikkar» i avføringa. Dersom ein i husstanden har fått det, må resten av husstanden behandlast også. Ta kontakt med lege dersom ein har mistanke om mark!

Helsesøster

Ikkje sommarjobb for ungdom i år

Jardar Havikbotn

Det unike sommarjobb-tilbodet som Bokn kommune gir til ungdom i 9. og 10. klasse, samt 1. vidaregåande, er ikkje vidareført på budsjettet for 2013.

I statsbudsjettet i fjor haust gjekk dei statlege overføringane ned, og som følge av det blei det sett i verk innstrammingsiltak i årets kommunebudsjett.

- Me håpar at den økonomiske situasjonen på sikt vil snu for Bokn, slik at ein kan vurdera å få inn dette tiltaket igjen på budsjettet, seier ordførar Kyrre Lindanger i ein kommentar til Bokn Bygdablad.

**A
N
N
O
N
S
E**

Årsmøte i Bokn mållag

Styret minner om årsmøtet i formannskapssalen, Boknatun, onsdag 20. Februar kl. 20.00

Det blir vanlege årsmøtesaker og enkel servering.

- styret -



Kyrkjeverje/Dagleg leiar for soknerådet

Bokn sokneråd er ein eitsoknskommune, og har tre tilsette. Det e ca 850 innbyggjarar i kommunen og vi samarbeidar tett med Tysvær kyrkjelege fellesråd. Soknepresten vår har og hovudsetet sitt der. Trusopplæringspedagog i 25 % stilling har og deltidstilling i Tysvær.

I Bokn blir det ledig 50% stilling som

KYRKJEVERJE / DAGLEG LEIAR FOR SOKNERÅDET

Stillinga vert ledig frå 1. august 2013 og det er ynskjeleg med arbeidsstart medio juni om dette let seg gjere.

Soknerådet søker etter ein person som skal ha:

- Økonomisk og administrativt ansvar for soknerådet si verksemd
- Arbeidsgivaransvar for dei tilsette i soknerådet
- Ansvar for drift og vedlikehald for kyrkje og gravplass
- Ansvar for saksframlegg og sekretær for soknerådet og andre utval under soknerådet
- Ansvar for å vidareutvikle det kristne arbeidet i soknet saman med sokneråd, prest og det frivillige arbeidet

Soknerådet søker derfor ein person med:

- Relevant utdanning innan administrasjon og leing på høgskule/universitetsnivå
- Erfaring og kunnskap innan sakshandsaming, økonomistyring, data og IKT verktøy
- Medlemskap i og god kjennskap til den norske kyrkja og gjerne erfaring frå kyrkjeleg verksemd
- Personlege eigenskapar slik som evne til å samarbeide vert vektlagt
- Tilfredsstillande politiattest på førespurnad

Soknerådet kan tilby:

- Løn etter avtale
- Pensjonsordning i KLP
- Ein utfordrande, spanande og interessant stilling

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjeverje Svanhild Alvestad tlf 934 15 440 eller soknerådsleiar Sigrunn Hole Hosaas tlf 905 02 109

Søknad med CV skal sendast til Bokn sokneråd, postboks 18, 5561 Bokn

Søknadsfrist 4. mars 2013

Intensjonsavtale med SMSO Rogaland

5. februar vedtok kommunestyret å inngå en fireårig intensjonsavtale med SMSO Rogaland (Senteret mot seksuelle overgrep).

Senterets formål er å gi hjelp til selvhjelp til menn og kvinner som har vært incestutsatt/utsatt for seksuelle overgrep som barn, og hjelp til utsattes pårørende. Støttesenteret skal aktivt drive forebyggende arbeid og opplysningsvirksomhet.

<http://www.smso-rogaland.no/index.cfm>

Sitat hentet fra nettsidene til SMSO:

«SMSO Rogaland jobber etter prinsippet hjelp til selvhjelp. Dette innebærer at vi tror brukerne er sine egne eksperter, og at de ved å lytte til seg selv kan komme frem til de beste løsningene. Å jobbe med overgrepssproblematikk er hardt arbeid, men det er noe en har mye igjen for.

Vi ved SMSO kan støtte og veilede deg i din prosess. Vi vet

at med støtte og oppbakking kan du forbedre din livskvalitet. Å treffe andre som er utsatt for incest/seksuelle overgrep kan være en god opplevelse. Det er godt å se at man ikke er alene.

På SMSO trenger man ikke bruke mange ord - å forklare alt - fordi man kjenner igjen opplevelser som andre forteller om. Da oppstår et fellesskap som mange brukere opplever som positivt. Hit kan du komme akkurat slik du er, og akkurat slik du har det - enten du har en god eller dårlig dag. Her kan du "kaste masken" og være deg selv.

Vi respekterer hverandres grenser, og vi er tolerante i forhold til at vi er forskjellige personligheter. Vi respekterer hverandres tro, sosiale bakgrunn og valg. Alle har forskjellige behov i forhold til hvordan de vil bearbeide sin egen historie og sine egne følelser. Vi ved SMSO Rogaland ønsker å skape et mangfoldig tilbud, slik at dere som brukere selv kan ta i bruk deres egne ressurser.»

Med hammar og spiker; det er slikt som vi liker...

Ser du på deg sjølv som ei ildsjel på Bokn og som kanskje har ein god ide om eit godt prosjekt som gjer det kjekt på Bokn? Eller er du kasserar eller styremedlem i ein frivillig organisasjon eller eit lag på Bokn; du har også kanskje ein god ide om eit godt prosjekt, du også? Då vil vi oppfordre deg til å lesa vidare:

Som tidlegare annonsert er det i prosjektet Kjekt på Bokn ein liten slump med midlar som årleg kan løyvvast kjekke prosjekt av ulik art og av ulikt omfang. Hovudkriteria er at prosjektet

skal vera av verdi for så store grupper/ så mange som mogleg og at prosjektet skal bidra til at det skal vera kjekt på Bokn.

For å sikre ei rettvis handsaming av søknadar er det sett to fristar for å søkje midlar. Søknadane vert vurderte av arbeidsgruppa i Kjekt på Bokn samt prosjektleiar.

Søknadsfrist: 01.april og 01. september kvart år.

Søknadsskjema med rettleiing kan hentast hjå prosjektleiar Kjekt på Bokn, Anne Elisabet Askeland, kommunehuset.

For meir informasjon, ta kontakt med Anne Elisabet Askeland anten på tele-



fon 95 94 59 08 eller på e-post anne.elisabet.askeland@bokn.kommune.no

Lukke til!

Ungdomskonferansen 2012; del 1

Anne Elisabet Askeland

Og størst av alt er ynskjet om at vi alle vert meir bevisste på at vi også skal vera gode digitale medborgarar i tillegg til å vera gode samfunnsborgarar generelt.

Under ungdomskonferansen i november i 2012 hadde vi fokus på nettopp dette temaet. Temaet var eit av totalt åtte tema som ungdommane arbeidde med den aktuelle laurdagen. Innspela var mange, engasjementet forsiktig og nølande den fyrste timen, før det tok «heilt av» etter kort tid. Summinga i salen vitna om det aukande engasjementet hjå alle involverte aktørar, både vaksne og ungdommar, etterkvart som ein fekk litt meir «taket på» kva denne ungdomskonferansen skulle handle om.

Begrepet digital medborgarskap er henta frå NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning.

I utredninga vert digitalt medborgarskap omtala og ein kan mellom anna lesa fylgjande:

«Begrepet digitalt medborgarskap avgrensers ofte til de ferdigheter og kunnskaper som gjør at man er i stand til å samhandle med andre gjennom digital teknologi. Forskning viser at de fleste ungdommer er fortrolige med den **praktiske bruken** av den nye teknologien. I dette kapitlet legges en bredere forståelse av digitalt medborgarskap til grunn: I et demokratiperspektiv innebærer digitalt medborgarskap bevissthet om at man er en samfunnsborger også på internett.

(...) Det er utvalgets synspunkt at digitalt medborgarskap bør inkluderes som kompetansemål i det nye demokratifaget i grunnskolen, jf. Kapittel 3 om skolens demokratioppdrag.»

Ungdommane sjølve definerte det vi har «sydd saman» til ein Ver varsam - plakat for Bokn og det er kjekt å kunne presentere eit konkret resultat av ungdommane sitt arbeid laurdagen i november. I tillegg til at resultatet vert presentert her vil alle mellom 13 – 19 år i Bokn samt alle politikarar (og andre interesserte) få utdelt denne Ver varsam - plakaten i bank- kort format for på denne måten å kunne ha den med – til ei kvar tid.

Det er berre å oppfordre til å notere seg ungdommane på Bokn sine reglar, sjå blå boks. →

Ungdommane arbeidde seg gjennom fleire til dels vanskelege tema; meir om dette får du vite i neste bygda-blad. Vi håpar du «Liker» det...

Tankeprosesser som set spor....

Tenk om det var meg?



Ver varsam-plakat for Bokn; med fokus på nettvett.

Trykk «Liker» ; del gjerne...

På nett

1. ... er eg ærleg og rettskaffen.
2. ... gjer eg mot andre det eg ynskjer andre skal gjera mot meg.
3. ... misbrukar eg ikkje ord og bilete. Dette er sterke våpen som kan gjera stor skade.
4. ... respekterer eg at andre har andre grenser enn meg.
5. ... skriv eg ikkje anna enn det eg vågar å seia ansikt til nokon.
6. ... stengjer eg ikkje nokon ute med vilje, eg hetsar ikkje og eg driv ikkje med nett-mobbing.

I beste mening

Visste du at du som mor eller far diverre kan bryte retten barnet ditt har, til privatliv – dette utan at du tenkjer over det og langt mindre meiner anna enn godt, ved det? «Privatliv? seier du undrande. «Men, eg er då den fyrste til å beskytte og bidra til at barnet mitt sin rett til privatliv vert ivaretatt? Eg skjønar oppriktig ikkje kva du meiner med eit slikt spørsmål? Nei, no kjenner eg at eg rett og slett vart arg på deg.....»»

Vi vil så nødig rokke ved denne tanken om kva beskyttelse vi representerer overfor borna våre. Vi ER jo der for borna våre heile tida, vi passar på dei og vi gjer det som står i vår makt når det kjem til å forebygge både fysisk, men og psykisk skade. Vi ynskjer, av heile vårt hjarte å beskytte dei mot alt vondt, både i den verkjelege, men og i den digitale verda.

Kanskje nettopp difor bør vi tenkje

litt på at vi alltid bør tenkje oss om to gonger før vi publiserer bilete og personopplysningar av og om borna våre på nett; rett og slett fordi også lova seier det.

Barnekonvensjonens artikkel 16: «Intet barn skal utsettes for vilkårlig eller ulovlig innblanding i hans eller hennes privatliv, familie, hjem eller korrespondanse og heller ikke for ulovlig angrep mot hans eller hennes ære eller omdømme. Barnet har rett til lovens beskyttelse mot slik innblanding eller slike angrep.»

Frå NOU 2011:20 Ungdom, makt og nedvirkning, kapittel 8 Personvern i nye medier, kan vi vidare lesa:

«Alt i alt ser det ut til å være liten bevissthet blant foreldre om at de kan bryte egne barns rett til privatliv dersom de publiserer bilder og personopplysninger om dem uten samtykke fra barna selv. I et innspill til utvalget (NOU- utvalget) påpeker slettmeg.no at mange ikke vet at de må spørre

om lov før de legger ut et bilde. **Det hadde jeg ikke tenkt på!**, er en vanlig reaksjon når de får vite det.»

Du hadde ikkje tenkt på det du heller...? Då er det godt å vite at det aldri er for seint... å begynne å tenkje på det samt å handle deretter.

For; kven er det som får bota dersom barnet ikkje er forsvarleg sikra i bil? Av og til skulle ein kanskje ynskje å tømme sparegrisen til poden avdi det er han som ikkje har fått sikkerhetsbeltet på seg før politiet brått står der... Men nei, vi lyt innsjå at vi lyt betale vi. Vi som foreldre sit jo med ansvaret.

Poden går fri. Han går fri - med hovudet heva og med lova i hand. Det bør vi vel kanskje og unne han? Han er jo berre ein...pode.

For meir info:

http://www.barneombudet.no/sfiles/52/54/1/file/i_beste_mening_endelig.pdf

Tradisjonen tru

Tekst: Irmelin Taraldlien/Cecilie Odland - foto: Synnøve Odland

1. desember gjekk julemiddagen for ungdommane av stabelen. Julestemninga kom allereie kvelden før då snøen lava ned.

I år som i fjor vart julemiddagen i gymsalen på skulen. Dette var et ynskje frå dei som sit i styret på Petra. Dette året var det 39 påmeldte, noko som eg (Cecilie) og Irmelin synest er kjempeflott.

Med raud løpar og ungdom kledd opp i finstasen ville me tru at dei gleda seg til denne middagen.

Middagen i år var pinnekjøtt og ribbe med tilbehør, til dessert fekk me riskrem og raud gele med vaniljesaus, og alt smaka herleg.

I år har eg (Cecilie) jo vore ekstra heldig og har hatt med meg ein ekstra på laget. Irmelin Taraldlien er lærling på Petra fritidsklubb. Ho hadde ansvar for ein quiz med bilete. Me var også så heldige at mor til Irmelin, Elisabet Taraldlien laga ei adjektivforteljing til oss. Pakkeleiken var også ein av aktivitetane. Då fekk me oss litt «lått og løye» då ikkje alle heilt forsto reglane for den.

Før middagen hadde me også kåring av stiligast gut og søtaste jente.



Stiligast gut blei Niklas Grønnestad, og søtaste jente blei Amalie Nilsen.

Titt og ofte var ungdommane ute for å ha litt snøballkrig og "chillan".

Eg vil retta ein stor TAKK til dei flotte ungdommane som sit i styret og tre flotte damer: Annette Bokneberg, Ragnhild Trosnavåg og Julianne Nilsen, som var til stor hjelp. Takk for hjelpa med å rigga til i gymsalen kvelden før, matlaging, servering og

rydding. Dei er ikkje vanskelige å be om hjelp. Eg hadde ikkje klart å arrangert julemiddagen utan ungdommane og dei vaksne.

Fotograf for kvelden var Synnøve Odland (bildet). Ho har eit prosjekt der ho skal ta bilete kvar dag i desember. Det blei ein drøss med flotte bilete frå julemiddagen. Sjekk gjerne ut Facebook sida hennar: S.Odland's Fotomani.



**Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller årsmål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com**

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

Årsmøte Bokn Røde Kors

Det blir årsmøte i Bokn Røde Kors lørdag 02.03. kl. 14 på Røde Kors-huset på Hognaland
Vanlige årsmøtesaker

Forslag til saker sendes minimum en uke før til:
Kaj Arne Christiansen, kajch89@hotmail.com
90960035

Ønsker alle velkommen!

Styret

Årsmøte i Havnavegen vel

Styret minner om årsmøtet torsdag 21. februar kl. 20:00 i Allrommet på Boknatun.

Det blir vanlege årsmøtesaker.

- styret -

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinngleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaantl.	500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

**Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

NEDREBØ MASKIN & TRANSPORT

- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64



KROVÅGEN HESTESENTER

Austre Bokn – tlf. 91120801/95114786 - kachris@online.no

RIDEKURS, RIDELEIR OG TILRETTELagt RIDETRENING

Krovågen hestesenter tilbyr rideleir for barn/ungdom i første del av påsken og i sommerferien (kun noen få ledige pl. i uke 28). Hestesenteret har tilrettelagt ride-trening for personer med ulike typer funksjons-hemming.

For mer informasjon, se www.kro-hest.no, kontakt Kari Christensen på tlf. 91120801, epost kachris@online.no

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

**John Magne Lie
909 24 964
Kjell Frode Lie
907 83 797**



Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

52 74 86 47
46 44 29 20

Hårsmiå har åpent hver dag og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

Hilsen
Mona på Hårsmiå

Frisørrommet på Boknatun

- i sentrum av Bokn -



Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTE. CLOSER TO HAIR.

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34



GOLDWELL
CLOSER TO STYLISTE. CLOSER TO HAIR.

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Unn A. Mustaparta - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

HELSEMASSASJE

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje (ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

Ingunn Are - tlf. 90 24 90 57

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 - 15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30
Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

GOD MAT I PAUSEN. TID FOR DRØS OG INNSPEL!

BOKN I MEDVIND!



BOKN NÆRINGSFORUM INVITERER I SAMARBEID MED BOKN KOMMUNE TIL

INSPIRASJONSKVELD

ONSDAG 13. MARS KL. 19:00

GYMSALEN, BOKN SKULE

Med positivitet, glød og fire finnøybuar i fokus. Alt til det beste for alle i Bokn. Torolf Nordbø, Tor Øyvind Skeiseid, Arne Nordbø og ordfører Gro Skartveit byr på latterlege historier, innspel, humor, kvardagsfilosofering - og klare meiningar! Bli med på ein original onsdagskveld, med tydeleg bodskap og solid glimt i auga.

Entré kr. 200,-

Billettsal på Servicetorget og Coop Marked Bokn

VÅRE SPONSORER:

HIGHCOMP | BYGGEFIRMAET KJELLESVIK OG SEVERINSEN | COOP MARKED BOKN | SPAREBANK 1 SR-BANK | NIBE
BOKN MARITIME SENTER | GALAGED KITCHEN | OGNØYSJEFEN | GREIG SEAFOOD ROGALAND | MÆLAND BYGG | HÅRSMIA
FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN | ROGALAND MARINE | SOLHOLM SJØHUS | AKVADYKK OFFSHORE | NEDREBØ MASKIN

Nr.	Stillingstittel	Arbeidsstad	Type	Prosent	Ledig frå	Kontaktperson	Telefon
01/13	Lærer i grunnskulen	Bokn skule	Fast/ vikariat	Div %	01.08	Jarle Nilsen	52 75 25 51
02/13	Assistent	Bokn barnehage	Fast/ vikariat	Div %	01.08	Anne Ottem	52 75 25 75
03/13	Fagarbeidarar	Bokn sjukestove	Fast/ vikariat	Div %	01.04	Marit Hetland	52 75 25 30
04/13	Fagarbeidarar	Bu og aktivitet	Fast/ vikariat	Div %	01.04	Sonja Mikkelsen	930 93 998
05/13	Ferievikarar	Bokn sjukestova	Vikariat	Div %	20.06	Marit Hetland	52 75 25 30
06/13	Ferievikarar	Bokn sjukestova	Vikariat	Div. %	20.06	Marit Hetland	52 75 25 30
07/13	Ferievikarar	Bu og aktivitet	Vikariat	Div. %	20.06	Sonja Mikkelsen	930 93 998
08/13	Ferievikarar	Reinhald	Vikariat	Div. %	20.06	Marit Hetland	52 75 25 30
09/13	Ferievikarar	Kjøkken	Vikariat	Div. %	20.06	Marit Hetland	52 75 25 30
10/13	Ferievikarar	Teknisk, vedlikehald	Vikariat	Div. %	20.06	Kåre Bua	915 64 401
11/13	Støttekontaktar		Oppdrag	3 – 5 t/uke	Snarast	Anne Berit Gilje Sonja Mikkelsen	52 04 88 98 930 93 998
18/13	Ringevikarar	Bokn sjukestova og bu og aktivitet	Timevikarar		Snarast	Marit Hetland	52 75 25 30
19/13	Beredskapsvakt	Første responderbilen	Vikariat	24,5 %	Snarast	Hildegunn Andreassen	481 13 681
20/13	Lærling barne- og Ungdomsarbeider	Barnehage/SFO			Hausten 2013	Anne Ottem	52 75 25 75
21/13	Lærling helsefagarbeider	Bokn sjukestove/Bu og aktivitet			Hausten 2013	Marit Hetland	52 75 25 30

Ved tilsetjing vil det bli lagt vekt på formell kompetanse og personlege eigenskapar. Søknad med CV og kopiar av vitnemål og attestar sendast på e-post til post@bokn.kommune.no. Merk søknaden med nummera på stillinga(-ane) du søker på.

Søknadene 01/13 og 02/13 vil vere gjeldande for ledige stillingar inntil barnehage-/skulestart hausten 2013.

Løn etter gjeldande lov- og avtaleverk.

Søknadsfrist for all stillingane: 24.2.2013

Opptak i Bokn barnehage

Barnehagestyrar Anne Ottem minner om opptaksfrist for neste barnehageår, **1. mars**.

På bokn.no kan du lasta ned vedtekter og søknadsskjema.

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

Gjeldande annonseprisar

Heilside kr. 2.000,-
Halvside kr. 1.000,-
Kvartside kr. 500,-
1/8 side kr. 250,-
Privatann. kr. 100,-
Nettannonse kr. 100,-
Fastannonse etter avtale

Foto, omslag:
Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Skeiseis på Boknabergsvatnet

Foto: Kyrre Lindanger

- Titt, titt, her e me så blei født i 2012



10 mnd

Stian Ognøy Våge, 25.01.12
Solrun Ognøy & Frode Våge



10 mnd.

Marius Sæbø, 27.01.12
Edith Hervik & Tor Inge Sæbø



6 mnd.

Lucas Espeland, 13.06.12
Anja Alvestad Glenn Espeland



8 veker

Jonah Sæbø, 17.11.12
Lise Rødde & Sveinung Sæbø



7 veker

Even Hausken Brekke, 07.12.12
Heidi Hausken & Tommy Brekke

